# Årsrapport for 2011

Direktoratet for
forvaltning og IKT

# Føreord

Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) legg fram årsrapporten for sitt fjerde driftsår. 2011 har vore prega av høg aktivitet, stort engasjement og ynske om å bidra der kunnskapen og kompetansen vår har størst effekt.

Norsk forvaltning er i endring, men terrorhandlinga 22. juli viser verdien av å ha eit velfungerande apparat som er i funksjon, sjølv om tilsynelatande heilt sentrale verksemder blir ramma fundamentalt.

Difi har med mandatet sitt ei viktig rolle i å medverke til at forvaltninga er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og effektivitet. Denne årsrapporten viser Difi sitt bidrag til ei betre og meir effektiv forvaltning.

Oslo 29. februar 2012

Hans Christian Holte
direktør

# Innhald

**1 Innleiing ... 4**

**2 Måloppnåing ... 8**

2.1 Hovudmål 1 Forvaltninga er velorganisert og brukarretta ... 8

2.2 Hovudmål 2 Forvaltninga er open og kommuniserer godt med innbyggjarane ... 14

2.3 Hovudmål 3 Forvaltninga har kompetente leiarar og medarbeidarar ... 21

2.4 Hovudmål 4 IKT-bruken i offentleg sektor er koordinert og underbyggjer målet om ein effektiv og brukarretta offentleg sektor ... 28

2.5 Hovudmål 5 IKT-politikken skal gje gode rammevilkår for næringsliv, innbyggjarar og samfunnsliv ... 42

2.6 Hovudmål 6 Offentleg sektor gjennomfører samfunnsnyttige, kostnadseffektive og kvalitetsretta anskaffingar ... 47

2.7 Prosjekttilskot til digital fornying i kommunane ... 56

2.8 Tilskot til kompetanseutvikling ... 56

**3 Administrative føringar og styringskrav ... 57**

3.1 Fellesføringar for statlege verksemder ... 58

3.1.1 Inkluderande arbeidsliv ... 58

3.1.2 Brukarundersøkingar ... 59

3.1.3 Lærlingar i staten ... 59

3.1.4 Statistikk for talet på arbeidsplassar ... 59

3.1.5 Vidare bruk av offentlege data ... 60

3.2 Styringskrav ... 60

3.2.1 Evalueringar ... 60

3.2.2 IKT-tryggleik ... 62

3.2.3 Samisk språk ... 63

3.2.4 Aktivitets- og rapporteringsplikta ... 63

# Vedlegg

Vedlegg 1: Oversikt over lengre utgreiingsprosjekt

Vedlegg 2: Oversikt over rådgjevingsmøte og føredrag

Vedlegg 3: Oversikt over møteplassar arrangerte av Difi

Vedlegg 4: Oversikt over internasjonale oppdrag

Vedlegg 5: Oversikt over presentasjonar, kurs, rådgjeving m.m. i samband med Klart språk i staten - prosjektet

Vedlegg 6: Forvaltninga har kompetente leiarar og medarbeidarar – oppgåver/aktivitetar

Vedlegg 7: Difis kurs, seminar og konferansar

Vedlegg 8: Statistikk Difis kursverksemd

Vedlegg 9: Forklaringer til statsregnskapet

# 1 Innleiing

Difi skal medverke til utvikling av offentleg sektor og til at statsforvaltninga er kjenneteikna av kvalitet, effektivitet, brukarretting, openheit og medverknad. I dette arbeidet har vi få «harde» verkemiddel – vi er avhengige av eit godt samarbeid med ulike delar av forvaltninga og evna vår til å skaffe fram gode verktøy, god kunnskap og gode idear om kva som er effektivt, nyttig og som medverkar til å fornye offentleg sektor. Vi legg derfor stor vekt på å verke i kraft av fagkompetansen vår og evna til å etablere konsensus og gode samarbeidsrelasjonar.

**Samarbeid**
*Utvikling gjennom samarbeid* er ei viktig rettesnor for korleis vi arbeider med å verkeleggjere mandatet vårt. Difi har gjennom 2011 vidareført det gode samarbeidet vi har etablert med departementsrådsgruppa om utvikling av departementa. Det har blant anna resultert i ein eigen rapport om *Hva skjer i departementene?*(Difi-rapport 2011:11) som også var tema på den godt besøkte forvaltningskonferansen.

På IKT-området er samarbeidet i Skate (Styring og koordinering av tenester i e-forvaltning) som består av toppleiarane i Skattedirektoratet, Helsedirektoratet, NAV, Lånekassen, Statistisk sentralbyrå, Brønnøysundregistrera, Statens kartverk og Difi, vidareført på ein god måte. Vi har også tett kontakt med tenesteeigarane for dei IKT-systema vi har driftsansvar for.

Innan leiing er Fagleg råd på leiing etablert med sentrale personar frå forvaltninga og akademia. Fagleg råd sitt mandat er *fornying og digitalisering av forvaltningen – hva betyr det for ledelse og medarbeiderskap i staten*. Vi bruker referansegrupper, ressurspersonar og pilotar når vi utviklar nye tiltak, og vi opplever gjennomgåande at det er lett å be om medverknad til dette.

**Difi er ettertrakta**
Forvaltninga etterlyser stadig meir bistand frå Difi og fleire departementsområde ynskjer at Difi skal medverke aktivt på deira område. Særleg på innkjøpsområdet utfører vi oppdrag for mange departement – miljø, innovasjon, sosialt ansvar og økologisk mat er døme på det. Innanfor IKT ynskjer fleire departement og verksemder tettare kontakt og har behov for bistand i deira krevjande utfordringar, og innanfor organisering og leiing er det også mange ynske om meir aktiv bistand frå Difi si side.

Nytt i denne årsrapporten er derfor at dei oppgåvene vi utfører for andre departement, er breiare omtalte enn før. Difi har også hjelpt FAD i arbeidet deira med fornyingsarbeidet utover dei oppdraga som kjem fram i tildelingsbrevet, gjennom tett dialog og ved å stille ressursar til disposisjon for departementet.

**Hovudmåla er oppnådd**
Vurderinga vår er at Difi, gjennom gode enkeltresultat og samarbeidsrelasjonar, har medverka godt til at alle fem hovudmåla som departementet har sett for verksemda vår i 2011 vart oppnådde. Måla er likevel på eit så overordna samfunnsnivå at det kan vere krevjande å gje presise vurderingar av tilstanden og

utviklinga innanfor det enkelte området og kva rolle Difi har i denne utviklinga. Vi ser behov for å sjå nærare på dei overordna måla for Difi i det vidare samarbeidet med departementet, også i lys av ny strategi for Difi. Vi meiner likevel at rapporteringa på delmål og styringsparametrar innanfor dei enkelte hovudmåla gjev grunnlag for ei samla vurdering av måloppnåinga.

**Organisering og brukarretting**
Sentrale verkemiddel for å medverke til at forvaltninga er velorganisert og brukarretta har i 2011 vore å dokumentere, analysere og formidle kunnskap om korleis forvaltninga er organisert og verkar, og å fungere som ein rådgjevar og samtalepartnar for forvaltninga. Det er særleg tre utviklingstrekk Difi har merksemda retta mot: digitalisering av offentlege tenester, veksten i tilsyns-, kontroll- og rapporteringsverksemda i staten og ei utvikling i retning av at stadig fleire forvaltningsorgan blir meir uavhengige av politisk styring. Arbeid med Klart språk i staten, bruken av sosiale medium, og spreiing av metodar og verkemiddel for brukarretting i tillegg til aktivitetar retta mot digitalt fyrsteval, har vore viktige bidrag for å gjere forvaltninga meir brukarretta.

**Openheit og kommunikasjon**
Vi har i 2011 særleg sett på Difi sine verkemiddel for å nå målet om at forvaltninga er open og kommuniserer godt med innbyggjarane. Innbyggjarportalane Noreg.no og Minside har vore verkemiddel for å gje innbyggjarane lettare tilgang til offentleg informasjon og tenester. Vi har sett at det er behov for å gjere endringar og har utgreidd behov og alternativ til vidare drift som vil bli følgde opp i 2012. Andre tiltak som har stor merksemd og som vi reknar for svært vellukka satsingar, er Offentleg elektronisk postjournal (OEP) og arbeidet med opne data.

**Kompetanse**
For å nå målet om at forvaltninga har kompetente leiarar og medarbeidarar, har Difi særleg følgt opp kompetansestrategien *På nett med læring* der arbeidet med å satse på felles statlege IKT-løysingar for å lyfte og effektivisere kompetanseutviklinga i staten står sentralt. Gjennom e-læringsverktøya våre og samarbeid med verksemdene, har vi nådd ut til mange fleire nytilsette og nye leiarar enn tidlegare år. I tillegg har om lag 3000 statlege tilsette delteke på dei tradisjonelle kursa våre og om lag 3000 delteke på seminar og konferansar.

**IKT samordning**
Målet om at IKT-bruken i offentleg sektor er koordinert og underbyggjer målet om ein effektiv og brukarretta offentleg sektor, uttrykkjer ein langsiktig ambisjon. Vi opplever likevel at dei samordningsgrepa som er tekne, har brei tilslutning. Difi har medverka til departementets satsning på digitalt fyrsteval særleg gjennom ulike kartleggings- og utgreiingsaktivitetar der presentasjonen av «modningsmatrisa» har vore eit vellukka grep. ID-porten er i stabil drift og det er god vekst i talet på transaksjonar. Den auka bruken av ID-porten gjev samstundes auka kostnader. Difi meiner at dagens finansieringsmodell ikkje er berekraftig over tid. Vi har vurdert ulike framtidige finansieringsmodellar og oversendt framlegg til framtidig finansieringsmodell til departementet.

Målet om at IKT-politikken skal gje gode rammevilkår for næringsliv, innbyggjarar og samfunnsliv, krev at det er merksemd retta mot forvaltningsverdiar

som openheit, innsyn og lik rett til deltaking. For å nå dette målet har Difi merksemda retta mot opne data og korleis desse kan brukast vidare. I 2011 var også intensjonen å etablere tilsynsfunksjonen for universell utforming. Dette arbeidet er stoppa opp på grunn av forseinkinga i forskriftsarbeidet. Dei fleste førebuingane er likevel gjorde for etablering av tilsynsfunksjonen.

**Offentlege anskaffingar**
Det er framleis store utfordringar før vi kan seie at hovudmålet om at *offentlig sektor gjennomfører samfunnsnyttige, kostnadseffektive og kvalitetsrettede anskaffelser* er oppnådd. Vi har gjennomført ei rekkje tiltak for å betre kompetansen og vi har lagt særleg vekt på å vidareutvikle rettleiingar, malar og anna innhald på anskaffingsportalen. Det er vekst i talet på nye verksemder som knyter seg til e-handelsplattforma, men det er framleis ei utfordring å få auka volum i talet på transaksjonar og verdi. I 2011 har Difi medverka aktivt til ferdigstillinga av PEPPOL internasjonalt. EU-kommisjonen har gjeve gode attendemeldingar på Difi sitt arbeid.

**Ny Difi-strategi**
Difi er oppteke av at vi stadig skal bli betre i stand til å utvikle og fornye offentleg sektor. Men som sagt innleiingsvis, det er eit vidt mandat og mange oppdrag, aktivitetar og verkemiddel kan få plass innanfor så vide rammer. Arbeidet med ny Difi-strategi for 2012-2015 har derfor vore viktig i 2011.

Strategien har tre innsatsområde – kunnskapsbasert forvaltningsutvikling, digitale tenester og gode innkjøp. Desse områda er valde fordi vi meiner det er her Difi kan ha størst gjennomslagskraft, samstundes som dei speler ei vesentleg roller i fornyingsarbeidet i forvaltninga. Det er område med ein viss modenskap, og der det er råd å lukkast. Og det er område der kompetansen frå Difi kan utnyttast på tvers i organisasjonen.

Samstundes har vi klargjort at den primære målgruppa for Difi er statsforvaltninga – ho er oppdragsgjevaren vår og det er den vi primært skal påverke og endre. Kommunar, næringsliv, frivillige organisasjonar og innbyggjarar er likevel viktige, både som brukarar og samarbeidspartnarar. Strategien er presentert for departementet. Vi ser fram til ein jamleg dialog om korleis vi saman kan setje Difis strategi ut i livet.

**Risikofaktorar**
I den overordna risikovurderinga frå Difi per juli 2011 peika vi på tre risikofaktorar som vart vurderte som kritiske for samla måloppnåing:

- Konsekvensar av utvikling vs. drift og forvaltning: Difi bind opp stadig større delar av kapasiteten til drift
- Sentrale utviklingsoppgåver i Difi blir forseinka eller stoppar opp
- Driftsavbrot eller andre hendingar knytte til leveranse av kritiske tenester

Gjennom året har vi arbeidd aktivt med å redusere risikofaktorane, blant anna gjennom god planlegging, budsjettering og risikohandtering og utvikling av godt planverk, avtalar med samarbeidspartnarar og underleverandørar og implementering av styringssystem for informasjonstryggleik. Som nemnt over har

vi også levert framlegg til departementet om tiltak for å møte den fyrste risikofaktoren.

I det vidare rapporterer vi meir i detalj ut frå krava i tildelingsbrevet til Difi for 2011.

# 2 Måloppnåing

## 2.1 Hovudmål 1 Forvaltninga er velorganisert og brukarretta

Norsk forvaltning kan i stor grad karakteriserast som velorganisert og brukarretta. Det er likevel viktig å ha ei kontinuerleg merksemd om korleis forvaltningsapparatet er organisert og verkar. Organiseringa av og verkeområdet for forvaltninga blir avgjort av ei rekkje tiltak initierte og gjennomførde innanfor dei enkelte sektorane og verksemdene. Difi har ei spesiell rolle i å dokumentere dei endringane som skjer, setje tverrgåande problemstillingar på dagsorden og føreslå tiltak som kan medverke til at vi til kvar tid har ei forvaltning som er føremålstenleg organisert og brukarretta.

Difi vil spesielt peike på tre utviklingstrekk som gjev organisasjons- og styringsutfordringar for staten: digitalisering av offentlege tenester, ein vekst i tilsyns-, kontroll- og rapporteringsverksemda i staten og organiseringa av statleg ansvarsutøving, med ei utvikling i retning av at stadig fleire forvaltningsorgan blir gjorde meir uavhengige av politisk leiing. Desse utviklingstrekka har vore styrande for ein stor del av Difi sine aktivitetar og tiltak i 2011. I rapportar, seminar, konferansar, avisartiklar og i møte med forvaltninga har Difi sett søkjelys på desse utviklingstrekka, identifisert årsaker og konsekvensar og føreslege tiltak.

For å gjere forvaltninga meir brukarretta har Difi, ved sida av arbeidet med å realisere digitalt fyrsteval, arbeidd med Klart språk i staten, innbyggjarundersøkinga, bruken av sosiale medium i forvaltninga og ei spreiing av metodar og verkemiddel for brukarretting vore viktige bidrag.

**Delmål 1**
**Statsforvaltninga arbeider meir effektivt og er betre samordna.**

Difi har ei spesiell rolle i å ta opp problemstillingar som ikkje passar inn i den etablerte forvaltningsstrukturen. Anten fordi dei går på tvers av etablerte organisasjonsgrenser, eller fordi det ikkje er nokon enkeltverksemder som åleine kan løyse dei. For å få ei meir effektiv og betre samordna forvaltning ser Difi det som viktig å fange opp endringar som kan vere godt tilpassa sektorvise og lokale forhold, men som i sum kan ha utilsikta effektar for statsforvaltninga. I 2011 har vi derfor hatt eit spesielt fokus på uavhengige forvaltningsorgan. Arbeidet vårt viser at nærare halvparten av alle forvaltningsorgan som gjer styringsvedtak er uavhengige i forhold til politisk leiing. Dette har skjedd gjennom ei lang rekkje enkeltvedtak og ikkje etter noka prinsipiell og samla vurdering. Difi peikar her på at det bør utviklast retningslinjer for både kva organ og saksområde som bør ha slik uavhengnad og korleis han bør praktiserast. Dette er eit viktig bidrag for å få ei meir samordna statsforvaltning.

Det har i ulike samanhengar vore merksemd omkring kontroll og rapportering i offentleg sektor. Mange uttrykkjer frustrasjon over det dei opplever som unødig byråkrati og administrasjon. Dette har vore tema for fleire av Difi sine prosjekt i

2011, som til dømes i eit prosjekt om embetsstyringa av Fylkesmannen og i eit prosjekt om Kunnskapsdepartementets rapporteringskrav til underliggjande verksemder. I rapporten *Hva skjer i departementene* (Difi-rapport 2011:11) er kontroll og manglande innovasjonsevne ei av problemstillingane. I 2012 vil Difi forfølgje desse problemstillingane i eit større eigeninitiert prosjekt der vi ser nærare på utviklinga av kontroll- og rapporteringsregime i staten og kva konsekvensar det har for effektivitet og fornying.

Å arbeide meir effektivt dreier seg blant anna om å utvikle arbeidsformer som medverkar til betre måloppnåing. Difi har kartlagt korleis departementa følgjer utgreiingsinstruksen, vi har sett på korleis forvaltninga dreg nytte av ordninga med nasjonale ekspertar i Kommisjonen, vi har samla røynsler med bruk av teamorganisering i departementa og vi har utgreidd korleis forvaltninga bruker sosiale medium. Desse prosjekta gjev eit viktig grunnlag for å kunne kome med generelle råd om effektive og føremålstenlege arbeidsformer i forvaltninga. Rapportane frå desse utgreiingane vil bli publisert i 2012.

At statsforvaltninga arbeider meir effektivt, handlar både om føremålseffektivitet (at ein gjer dei riktige tinga) og kostnadseffektivitet. I 2011 har Difi teke til med eit prosjekt for å vurdere tiltak for å effektivisere dei administrative støttefunksjonane for statlege verksemder utanom departementa. Noreg har, samanlikna med ei rekkje andre land, i mindre grad samordna løysingane av slike funksjonar. Føremålet med arbeidet er å kome med forslag til endringar som gjer at funksjonane kan løysast med mindre ressursbruk og/eller med betre kvalitet.

Digitalisering stiller forvaltninga overfor særeigne samordningsutfordringar. Når informasjon skal flyte saumlaust på tvers i forvaltninga blir etablerte organisasjons- og styringslinjer utfordra. Både å identifisere utfordringar knytte til styring og organisering og å utgreie moglege løysingar for samordningsutfordringar har vore sentrale prosjekt for Difi. Andre viktige prosjekt har vore ei kartlegging av hindringar og moglegheiter for digitalt fyrsteval og ei utgreiing om organisering og finansiering av ID-porten. Vi har også sett på korleis forvaltninga organiserer publikumskanalane sine (medrekna digitale) og korleis dei ulike kanalane blir samordna.

Difi har vore rådgjevar og samtalepartnar for eit stort tal departement og direktorat i spørsmål om val av organisasjonsform og styringsverkemiddel. På denne måten har vi medverka til meir opplyste endringsprosessar i sentralforvaltninga. Når det gjeld desse spørsmåla opplever Difi ein stor etterspurnad etter bistand. Sjølv om vi har avgrensa ressursar til å gå inn i enkeltverksemder, ser vi at vi dekkjer eit behov ved å vere ein lett tilgjengeleg samtalepartnar, og på den måten dele røynslene våre med verksemder som skal i gang med ein endringsprosess. I dei tilfella vi seier ja til å gjere analyser og utgreiingsprosjekt for andre departement, gjeld det problemstillingar vi har identifisert som særleg utfordrande for forvaltninga generelt, og der vi ser det er viktig å få god dokumentasjon.

Delmålet er oppnådd.

**Delmål 2**
**Kunnskap om forvaltningspolitiske verkemiddel er godt formidla til verksemdene i staten.**

For å nå dette målet bruker Difi **ulike formidlingskanalar** som rapporter, Difi.no, media, konferansar, seminar og rådgjevingsmøte. Difi ser det som viktig å få til ein god balanse mellom direkte kontakt og rådgjeving til enkeltverksemder, og det å lage rapportar og seminar der råda våra når eit breiare publikum. Kontakten med enkeltverksemder gjev oss verdifull kunnskap om kva behov og problemstillingar vi bør ta tak i. Samstundes er det viktig at dei røynslene vi får gjennom kontakt med statlege verksemder, blir gjorde om til produkt som kan kome forvaltninga som heilskap til gode.

Difi får mange førespurnader frå departement og direktorat om å hjelpe med kunnskap om forvaltningspolitiske verksemder. Vi gjev **bistand anten i form av utgreiingsoppdrag eller i form av enkeltståande møte eller føredrag**. Når det gjeld større utgreiingsoppdrag har vi prioritert førespurnader frå departementa fordi vi meiner at dei speler ei nøkkelrolle når det gjeld effektiv organisering og god verkemiddelbruk i forvaltninga. I dei fleste tilfella gjeld oppdraga organisering av apparatet under departementa. Difi legg også vekt på å vere ein lett tilgjengeleg samtalepartnar for departement og direktorat før eit utviklingsarbeid blir sett i gang, til dømes for prosjekt som departementet sjølv ynskjer å gjennomføre eller der dei vil kjøpe tenester i marknaden. På denne måten formidlar vi naudsynt kunnskap utan å bruke store ressursar.

Difi har i 2011 vore involvert i ei rekkje **reformprosessar**, blant anna innanfor samferdsel, justis, utdanning, kommune-stat, regional, energi, utanriks og helse. Gjennom denne aktiviteten medverkar vi til at forvaltningspolitiske organisasjonsprinsipp blir lagde til grunn for endringsprosessane og at det skjer ei erfaringsoverføring mellom statlege verksemder. Sjå vedlagde oversikt over prosjekt og rådgjevingsmøte (vedlegg 1 og 2).

Difi har frå 2008 vore til hjelp for departementsråda i arbeidet med å utvikle departementa til føremålstenlege sekretariat for politisk leiing. I 2010 utvikla vi, på oppfordring frå departementsråda, ei eiga **satsing i utvikling av departementa**. Og i 2011 har dette arbeidet vorte følgt opp gjennom utgreiinga *Hva skjer i departementene? Om utfordringer og utviklingsbehov* (Difi-rapport 2011:11) som vart presentert på Forvaltningskonferansen 2011. Det har vore stor interesse for dette temaet frå departementa, og Difi er med i diskusjonar om oppfølginga av rapporten i mange departement og overfor departementsrådsgruppa.

**Alt utgreiingsarbeidet vårt munnar ut i rapportar og notat** som blir publiserte på Difi.no. Difi arbeider også aktivt for å formidle resultat frå rapportane både ved å arrangere seminar og konferansar, og gjennom oppslag i media. Ei rekkje av rapportane har skapt merksemd og debatt, og mange av dei har gått inn som underlagsmateriell i regjeringa sitt arbeid med stortingsdokument. Vi vil spesielt trekkje fram Difi-rapportane *Hva skjer i departementene? Om utfordringer og utviklingsbehov* (2011:11), *Evaluering av Datatilsynet* (2011:8) og *Transportinfrastruktur i Sverige, Finland og Danmark – Forvaltning og organisering. En kartlegging* (2011:10). Difi opplever stadig at det blir referert til publikasjonane våre forholdsvis lang tid etter publisering.

I tillegg prioriterer vi å arrangere **seminar og møteplassar for forvaltninga**. I 2011 har vi arrangert eigne seminarrekkjer om Noreg og EU/EØS, brukarretting, statens kommunikasjonspolitikk og Klart språk. I tillegg har vi ein eigen møteserie for leiarar i departementa. Seminara er jamt over svært godt besøkte. Dei får gode evalueringar og blir rekna som ein nyttig arena for inspirasjon og erfaringsdeling. Vi har også arrangert tre store konferansar: Klarspråkskonferansen *Klar, men aldri ferdig*, forvaltningskonferansen *Hva skjer i departementene?* og *Del og delta*, ein konferanse om bruken av sosiale medium i forvaltninga. Sjå vedlagde oversikt over møteplassar (vedlegg 3).

Delmålet er oppnådd

**Delmål 3**
**Arbeidet med brukarretting og brukarmedverknad i statsforvaltninga er styrkt**

For å kunne tilpasse offentlege tenester til brukarane sine behov, er det viktig å få fram kunnskap om kor nøgde innbyggjarane er med offentlege tenester. **Innbyggjarundersøkinga** er her eit sentralt verkemiddel. I 2011 har Difi blant anna gjennomført systematiske samtalar med dei verksemdene som er ein del av denne undersøkinga for å få innspel til korleis ho kan betrast. Gjennom desse samtalane har det kome fram at statlege verksemder opplever at Innbyggjarundersøkinga gjev eit nyttig kunnskapsgrunnlag.

Eit anna viktig verkemiddel for auka brukarretting er å betre korleis statlege verksemder kommuniserer med innbyggjarane. Prosjektet **Klart språk i staten** har vore eit viktig prosjekt for Difi i 2011. Målet med prosjektet er å auke merksemda om klarspråk og godt språk i statsforvaltninga, og leggje forholda til rette for at statlege verksemder skal kunne betre språket i den skriftlege kommunikasjonen med innbyggjarane. Med eit klart og godt språk blir også informasjonen ut til innbyggjarane meir brukarretta.

Verkemidla og tiltaka i prosjektet ser ut til å ha hatt god effekt. Støtteordninga, nettsida klarspråk.no, kursa, møteplassane, Klarspråksprisen og rådgjevinga har samla sett vore viktige drivkrefter for å hjelpe verksemder i gang med språkarbeidet, og har skapt merksemd rundt dette viktige arbeidet. Når så mange verksemder arbeider målretta og systematisk med klarspråk, vil det på sikt medverke til ein meir brukarvenleg og effektiv stat.

I 2011 har vi også lagt til rette for at forvaltninga får betre tilgang på **råd og rettleiing om verkemiddel for brukarretting**. Vi har utvikla nettsider på Difi.no med informasjon om kunnskap og metodar, og vi har arrangert fleire seminar om temaet. I tillegg har vi hatt fleire rådgjevingsmøte om korleis gjennomføre brukarundersøkingar.

Vi har også prioritert å utgreie tema knytte til ambisjonen i regjeringa om at den primære kanalen for brukarane for kontakt med det offentlege skal vere digital. Her vil vi spesielt nemne Difi-rapport 2011:3: *Digitalt førstevalg- en kartlegging av hindringer og muligheter* og kartlegginga av statlege verksemders organisering og

samordning av kanalar for publikumskontakt som blir ferdigstilt i 2012. I tillegg har vi gjort ei utgreiing av forvaltningas bruk av sosiale medier, der også brukarperspektivet står sentralt.

Delmålet er oppnådd.

**Særskilte oppgåver:**

1. Bistå FAD i arbeidet med verkemiddelbruk overfor statlege selskap med sektorpolitiske verkemiddel.
   Difi leverte våren 2011 Difi-rapport 2011:05 *Statlege selskap og føretak med sektorpolitiske mål. Ei kartlegging av styringshøve og faktisk bruk av verkemiddel.* I tillegg deltek Difi i sekretariatet for arbeidsgruppa.

2. Bistå FAD i arbeidet med tiltak/forslag til strategi for betre forvaltnings- og fornyingskunnskap.
   FAD har ikkje etterspurt bistand frå Difi på dette området i 2011.

3. Bistå FAD i arbeidet med å ettersjå at intensjonane i utgreiingsinstruksen og krav om utgreiingsprosessar og avgjerdsunderlag blir følgde.
   Ein delrapport vart sendt FAD i juni 2011. Utkast til hovudrapport vart sendt FAD i desember 2011, og rapport blir ferdigstilt i mars 2012.

4. Bistå FAD i arbeidet med organisering og finansiering av statens bruk, drift og forvaltning av felles IKT-komponentar.
   Difi har vore til hjelp for FAD på fleire område når det gjeld organisering og finansiering av felles IKT-komponentar. Det eine arbeidet er knytt til oppfølging av Difi-rapport 2010:17 *Nasjonale felleskomponenter i offentlig sektor*, der Difi føreslår nye modellar for organisering og finansiering av felleskomponentar. Som oppfølging av denne rapporten har Difi hjelpt FAD i arbeidet departementet har sett i gang med ei interdepartemental gruppe som har sett nærare på desse spørsmåla og høyring av rapporten.

5. Evaluere og følgje opp innbyggjarundersøking, og førebu ny innbyggjarundersøking.
   Difis arbeid med innbyggjarundersøkinga i 2011 har i hovudsak gått ut på å evaluere, vidareutvikle og klarstille undersøkinga til ny runde hausten 2012/våren 2013. Evalueringa vart gjennomført ved å intervjue 21 verksemder (departement, direktorat, KS og undersøkingsbyrå) om styrkar og veikskapar ved både gjennomføring, formidling og sjølve spørsmåla og designet i undersøkinga. Evalueringa er oppsummert i Difi-notat 2011:4 *Evaluering av Innbyggjarundersøkinga*. Difi har i tillegg gjennomført arbeidsmøte med nær alle dei involverte verksemdene (direktorat, etatar, KS) for å vidareutvikle dei 24 spørjeskjemaa. Difi har også, i samarbeid med TNS Gallup, testa ut ulike spørjeskjema i eit miniutval (600 personar) og gjennomført analysar av korrelasjon og fråfall. Reviderte spørjeskjema vil bli sende på ei kort høyring våren 2012. Undersøkinga vil setjast i gang i oktober/november 2012 og sannsynlegvis bli avslutta mars/april 2013.

6. Vidareføre arbeidet med å kartleggje status på, verknader av og hindringar knytte til bruk av sosiale medium i forvaltninga, som er sett i gang i 2010.
   Viser til særskilte oppgåver under hovudmål 2.

7. Vidareføre prosjektet «Klart språk i staten» saman med Språkrådet.
   Viser til skildring av måloppnåing og aktivitetar under hovudmål 2 og delmål 4.

## 2.2 Hovudmål 2
## Forvaltninga er open og kommuniserer godt med innbyggjarane

Dei sentrale verkemidla Difi har arbeidd med for å oppnå dette målet er informasjons- og rettleiingstenester, måle og betre kvaliteten på offentlege nettstader, formidle og rettleie forvaltninga i felles kommunikasjonsutfordringar, setje søkjelys og byggje kompetanse i forvaltninga på eit godt og klart språk. Formidling av prinsipp frå Statens kommunikasjonspolitikk, publisering av postjournalar på Offentleg elektronisk postjournal og gjere offentlege datasett tilgjengelege er substansielle bidrag til ei meir open forvaltning.

**Innbyggjarportalane** Noreg.no og Minside har vore verkemiddel for å gje innbyggjarane lettare tilgang til offentleg informasjon og tenester. I 2011 har bruken av Noreg.no og Svartenesta gått ned, medan den engelskspråklege Norway.no opplevde ein markant auke i pågang etter terroranslaga 22. juli. Difi har i 2011 gjennomført to utgreiingar om behova og alternativ for vidare drift og utvikling av tenestene. Det er i januar 2012 teke avgjerd om å fase ut Minside, og at ein skal finne ei ny innretning for vegvisarfunksjonane til Noreg.no og svartenesta.

Arbeidet med **kvalitet på nett** er ein sterk pådrivar for at forvaltninga stadig betrar tilgangen og kvaliteten på nettsidene sine. Resultata frå 2011 viser ein tilbakegang i tilgjenge og brukartilpassing, medan det er betring på innhaldssida. Sett i eit lengre tidsperspektiv har det vore ei markant betring på alle områda som blir målte i kvalitetsvurderingane. Norsk presse viser stor interesse for kvalitetsvurderingane, og vi får fleire hundretals medieoppslag kvart år.

I 2011 har Difi prioritert å skape møteplassar for erfaringsutveksling og diskusjon av felles kommunikasjonsutfordringar i statleg sektor knytt til **Statens kommunikasjonspolitikk**. Som ei følgje av Klarspråk-prosjektet ser vi at stadig fleire verksemder arbeider med klart språk. Utviklinga viser at dette området blir ein del av det ordinære kvalitetsarbeidet i mange offentlege verksemder. Ei anna utvikling er at fleire og fleire etatar deler både røynsler og kunnskapar innanfor klarspråksarbeidet med kvarandre.

Difi har gjort ei kartlegging av **status for elektroniske tenester** i staten. Resultata viser at offentlege verksemder generelt er lite digitalt modne, men nokre peikar seg ut i positiv retning. Det har vore auka bruk av ID-porten og Altinn, ein auke i talet på elektroniske tenester som blir tilbydde og i innbyggjarane sin bruk av tilgjengelege tenester.

Stadig fleire statlege verksemder gjer postjournalane sine tilgjengelege i **Offentleg elektronisk postjournal (OEP)** frå 2011. Vi ser samstundes ein sterk auke i talet på innsynskrav frå om lag 65 500 i 2010 til i overkant av 156 500 i 2011. Dette viser ein tydeleg auka bruk av innsynsretten.

Arbeidet Difi gjer med **opne data**, omtalt under hovudmål 5, medverkar også til at forvaltninga står fram som meir open og gjennomsiktig.

**Delmål 1**
**Innbyggjarane har enklare tilgang til informasjon og elektroniske tenester frå statsforvaltninga.**

Difi har fleire sentrale verkemiddel for å støtte opp under dette delmålet. Både nettportalane Noreg.no, OEP, Norsk lysingsblad og Miside er tenester som rettar seg direkte mot innbyggjaren, medan Kvalitet på nett og Los er tiltak retta mot forvaltninga. Alle har som siktemål å gjere møtet med forvaltninga enklare. I 2011 prioriterte vi arbeidet med utgreiing om vidare drift av Miside og Noreg.no, men i løpet av året er det også halde oppe noko ordinær aktivitet knytt til formidling og marknadsføring av tenestene.

**Nettstaden Norge.no**/Noreg.no/Norway.no med tilhøyrande svarteneste på telefon, e-post, sms og nettprat tilbyr innbyggjarane rettleiing til offentleg informasjon og tenester, på tvers av sektorar. Tal besøk på Noreg.no-portalen er redusert med om lag 39 prosent i 2011, til i gjennomsnitt 203 000 per md. Trafikken til **svartenesta** har vorte redusert med 40 prosent i 2011, og ligg no på eit gjennomsnitt på 1600 kontaktar per md. Trafikknedgangen på svartenesta følgjer trafikktala på nettportalen, som er den viktigaste profileringskanalen for svartenesta. Servicenivå og svartider ligg innanfor måltala sette for tenesta.

Ei måling frå desember 2011 viser at 61 prosent av kontaktane til svartenesta etterspør kva etat/kontor dei skal kontakte ut frå problemstillinga si, attåt kontaktinformasjon til dette kontoret. 24 prosent får vegvising til informasjon og tenester på nett, og vel 10 prosent får rettleiing i samansette prosessar (t.d. der problemstillinga deira involverer fleire etatar/kontor).

Ved utgangen av desember 2011 hadde **Miside** i alt 1 060 845 aktive brukarar (unike). Dette er om lag 200 000 fleire enn ved utgangen av 2010, dvs. ein auke på 19 prosent. I 2011 var det 1 431 586 innloggingar på Miside, mot 1 063 764 i 2010. Det er i dag 640 tenester i portalen frå 18 statlege etatar (40 tenester) og 96 kommunar (600 tenester).

I snitt har 72 000 unike brukarar logga seg inn i Miside kvar månad i 2011 mot 62 000 i snitt i 2010.

**Kvalitet på nett** skal vere pådrivar for å auke kvaliteten på offentlege nettstader, i tillegg til synleggjere viktige område og kartleggje status i offentleg sektor.

Kriteriesettet som ligg til grunn for kvalitetsvurderinga er i 2011 revidert og sendt på ei open høyring. Basert på om lag 150 innspel frå interesseorganisasjonar, enkeltpersonar og både offentlege og private verksemder vart det gjort justeringar og forbetringar av indikatorane.

Difi har vurdert kvaliteten på 674 offentlege nettstader i 2011. Vurderinga er basert på kriteriesettet Difi har utvikla for offentlege nettstader. 66 nettstader fekk tildelt høgste utmerking med 6 stjerner. Både kommunal og statleg sektor syner tilbakegang når det gjeld områda tilgjenge og brukartilpassing, men når det gjeld nyttig innhald held begge sektorar oppe framgangen frå 2010.



Figur 1 Verksemder fordelt på resultat (tal stjerner frå éi til seks stjerner)

I samband med kommune- og fylkestingsvalet har Difi utvikla ein versjon av kriteriesettet som er tilpassa politiske nettstader. **Kvaliteten på nettstadene til partia på Stortinget** vart vurderte før valet. Arbeiderpartiet sine sider kjem best ut i undersøkinga, medan Senterpartiet og Sosialistisk venstreparti ligg i botn.

Kvalitet på nettarbeidet har også som mål å **rettleie og hjelpe forvaltninga** med utvikling av nettstader. Det er svart på om lag 700 førespurnader (telefon/e-post) kring kvalitet på nett, i tillegg til føredrag hjå etatar og ulike fagmiljø.

1. desember arrangerte Difi **konferansen *Kvalitet på nett 2011***. Programmet var retta særskild mot nettredaktørar, og med nær 300 personar i salen var det deltakarrekord i år. Ei spørjeundersøking blant deltakarane i etterkant viser svært gode tilbakemeldingar på det faglege innhaldet på konferansen.

**Los** er ein felles informasjonsstruktur for offentlege tenester, og har som mål å gjere det lettare for innbyggjaren å finne fram til rett teneste på offentlege nettsider. Strukturen koplar omgrep mot teneste, slik at brukaren finn fram til rett informasjon uavhengig om ho vel å søkje på synonyme og /eller utgåtte omgrep, som til dømes begravelse vs bisettelse eller gravferd.

Informasjonsstrukturen blir tilbydd som maskinleseleg datasett, og kan enkelt takast i bruk av offentlege verksemder for å strukturere tenesteinformasjon på eigne nettstader. Til no er det berre kommunar som har teke i bruk informasjonsstrukturen, noko som kjem av at strukturen hovudsakleg inneheld eit kommunalt tenestespekter.

I 2011 er det 146 kommunar som bruker Los som informasjonsstruktur på eigen nettstad.

**Norsk lysingsblad** har i 2011 publisert 11 542 kunngjeringar med bakgrunn i lovverk og forskrift. Den totale kunngjeringsmassen har frå 2010 ei endring på éin prosent. Dersom vi ser på dei ulike kunngjeringstypane så har «andre» kunngjeringar ein liten framgang, medan talet på mortifikasjonar har gått noko ned.

Det er domstolane, lausøyreregisteret og fylkesmennene som står for hovudparten av kunngjeringane.

| Type | 2010 | 2011 | Tal | Prosent |
|---|---|---|---|---|
| **Proklama** | 4166 | 4194 | 28 | 1 % |
| **Gjeldsforhandlingar** | 3271 | 3373 | 102 | 3 % |
| **Mortifikasjonar** | 1826 | 1621 | -205 | -11 % |
| **Andre kunngjeringar** | 2193 | 2354 | 161 | 7 % |
| **Totalt** | **11 456** | **11 542** | **86** | **1 %** |
| **Brev** | 200 | | | |
| **e-post** | 11 256 | | | |

Tabell 1 Endringar i tal kunngjeringar frå 2010 til 2011

Delmålet er oppnådd

**Delmål 2**
**Statlege verksemder tek i bruk felles nasjonale tilrådingar og retningslinjer for kommunikasjon**

Etter at regjeringa lanserte Statens kommunikasjonspolitikk hausten 2009 har Difi drive ei ustrekt føredrags- og formidlingsverksemd for å gjere innhaldet i politikken kjent. Krava i Statens kommunikasjonspolitikk er formidla i enkeltverksemder, via lokallaga i Kommunikasjonsforeningen og på eigne arrangement som frukostseminar og konferansar. Det å skape arenaer for erfaringsutveksling og høve til å diskutere felles utfordringar i ein fagleg samanheng har i 2011 vore etterspurt i forvaltninga og prioritert av Difi.

I løpet av dei siste 10-15 åra har det statlege kommunikasjonsapparatet opplevd ei profesjonalisering. Avdelingane har vakse i storleik, dei har fått større innverknad og både kommunikasjonsleiarar og -medarbeidarar har høg fagleg kompetanse. Med denne utviklinga har Difi gått frå å vere ein direkte fagrådgjevar i kommunikasjonsarbeidet i statlege verksemder, til i større grad å vere ein rettleiar på nye faglege utfordringar innanfor kommunikasjonsfaget, som krava i statens kommunikasjonspolitikk, elektronisk kommunikasjon og framveksten av sosiale medium.

Delmålet er oppnådd

**Delmål 3**
**Offentlege verksemder tek i bruk eigna elektroniske løysingar for å sikre god samhandling i offentleg sektor og enkel kommunikasjon med innbyggjarar og næringsliv**

Ei kartlegging av status for elektroniske tenester i staten (Difi-rapport 2011:2) viser at offentlege verksemder generelt er lite digitalt modne. Eksempelvis er det mange verksemder som ikkje har gjort skjemaa sine tilgjengelege på nett. Likevel er det nokre verksemder som skil seg positivt ut, ved at dei er digitalt svært modne og jobbar aktivt med å utvekle dei elektroniske tenestene sine. Vi ser også at bruken

av ID-porten og Altinn aukar, noko som viser at det blir tilbydd fleire elektroniske tenester og at innbyggjarane bruker dei tilgjengelege tenestene meir.

Vi viser elles til omtale under hovudmål 4, delmål 1 og 2.
Delmålet er oppnådd

**Delmål 4**
**Fleire statlege verksemder bruker enkelt og lett forståeleg språk**

Prosjektet *Klart språk i staten* vart vidareført med to nye prosjektår etter 2010, blant anna med ei ny satsing på eit enklare språk i lover, forskrifter og andre juridiske dokument. Denne satsinga vart organisert som eit delprosjekt, og er no i ein kartleggingsfase. I november vart det halde ein rundebordskonferanse der fleire jussmiljø var representerte. I desember gjennomførte prosjektet ei spørjeundersøking blant innbyggjarane om deira forhold til lovtekstar og anna regelverk og korleis dei forstår desse.

I 2011 har det vore stor klarspråksaktivitet både i prosjektet og i dei enkelte verksemdene som arbeider med klarspråk**.** Våren 2011 lyste prosjektet ut støtte til språkforbetring for tredje år på rad, og i mai vart det delt ut 1,4 millionar kroner, 47 dagsverk med rådgjeving og 15 to-dagars klarspråkskurs til 24 statlege verksemder.

Mange verksemder har no arbeidd med klarspråk i fleire år, og er i ein fase der dei skal overføre arbeidet frå prosjekt til linje. I tillegg startar stadig fleire verksemder opp med klarspråkspråkarbeid. Variasjonen i tiltaka er stor og spenner frå store, gjennomgripande kampanjar til små, konkrete forbetringar. E-læring, evaluering, arbeid med språklege retningslinjer er døme på nokre av tiltaka som er sette i gang. Verksemdene har også i år vist stor vilje til å dele kunnskap og råd med kvarandre, og på den måten har staten spart pengar som elles ville gått til kjøp av konsulenthjelp.

Prosjektet har også gjort ein avgrensa innsats overfor kommunane for å få dei til å setje i gang med klarspråksarbeid. Vi har hatt møte med ulike kommunale nettverk og halde føredrag på møteplassar der vi har hatt sjansen til å treffe eit større tal kommunar.

Det vart delt ut to stipend á kr 20 000 til masteroppgåver om klarspråk i 2011. Prosjektet har også halde kontakten med Universitetet i Oslo, med tanke på samarbeid om kurs og forsking.

Eitt av høgdepunkta i prosjektet siste året var **Klarspråkskonferansen** som vart arrangert i mars med over 240 deltakarar. Programmet var med på å vise breidda av klarspråksarbeidet i staten, og hovudinnlegget vart halde av Annetta Cheek, arkitekten bak USAs klarspråkslov. I tillegg til denne konferansen har vi arrangert fire frukostseminar med 50-80 deltakarar kvar gong.

Nytt av året er at mange verksemder har starta opp arbeidet med å evaluere klarspråksarbeidet sitt, blant anna som eit ledd i den større evalueringa av klarspråksprosjektet (sjå kap. 3.1.2 Brukarundersøkingar).

Delmålet er oppnådd

**Delmål 5**
**Fleire statlege verksemder utarbeider nettsider og annan informasjon på samisk**

Regjeringa sin handlingsplan for samiske språk og den statlege kommunikasjonspolitikken gjev føringar som har konsekvensar for innhaldet på dei statlege etatane sine nettstader. For å få kunnskap om korleis dei politiske målsetnadene om auka bruk og synleggjering av samiske språk blir følgde opp i den digitale kommunikasjonen frå verksemdene, gjennomførde Difi ei **statuskartlegging av samisk informasjon** på statlege nettstader. Ved å få oversikt over status på området har ein høve til å måle utvikling over tid, og kan lettare identifisere hinder og moglege tiltak.

Innhaldet på 234 statlege nettstader er gått gjennom og vurdert ut frå i kva grad teiknsettet UTF-8 er deklarert i kjeldekoden for nettstedane, kor vidt det faktisk er publisert samiskspråkleg innhald på statlege nettstader og kva typar av samiskspråkleg innhald som er publisert.

**Resultatet av kartlegginga** viser at statleg sektor står overfor store utfordringar. Det er berre 26 prosent av dei statlege nettstadene som på ein målretta og systematisk måte publiserer samiskspråkleg innhald. Det er dessutan berre fem prosent som har eit så omfattande samiskspråkleg innhald at nettstaden kan seiast å ha ein samiskspråkleg versjon av det viktigaste norskspråklege innhaldet. Undersøkinga viser også at UTF-8 er deklarert på 80 prosent av dei statlege nettstadene. Dette er eit positivt funn i og med at deklareringa av UTF-8 er ein av dei tekniske føresetnadene for at samiske språk og teikn skal visast korrekt i brukarane sine nettlesarar. Kartlegginga vart gjennomførd i november 2011. Eit notat blir ferdigstilt i januar 2012.

Delmålet er oppnådd.

**Særskilte oppgåver:**

1. <u>Fullføre arbeidet med å kartleggje status for, verknader av og hindringar knytte til bruken av sosiale medium i forvaltninga</u>
   Førebels resultat frå kartlegginga vart presentert på konferansen *Del og delta* 29. mai med 240 deltakarar til stades. Rapporten frå utgreiinga blir ferdigstilt i februar 2012.

2. <u>Forvalte Offentleg elektronisk postjournal (OEP) og vurdere alternativ for vidareføring av innhaldet i Elektronisk Postjournal (EPJ)</u>
   Ved inngangen til 2011 var det 68 statlege verksemder som leverte innhald til OEP. I løpet av året vart 26 nye innhaldsleverandørar fasa inn. Dermed var det 94 verksemder som brukte tenesta ved nyttår. Desse verksemdene publiserte i overkant av 2,3 millionar journalpostar til OEP i løpet av året. Totalt vart det sendt 156 680 innsynskrav via OEP i løpet av året. Dette er ein markant auke i høve til året før, då det vart sendt 61 581 innsynskrav.

Dette heng saman med at OEP ikkje vart lansert før i mai 2010, og at det har vore fleire innhaldsleverandørar i 2011. Likevel er det ein tydeleg auke i bruk av innsynsretten via OEP.

I løpet av året har Difi gjennomført to møte i samarbeidsforum for innhaldsleverandørane, der føringar for tenesta og vidareutviklingstiltak er diskutert. Det har vore svært godt oppmøte på desse møta, meir enn 100 representantar frå innhaldsleverandørane har møtt på kvart av møta. Vidare er det forhandla fram ein ny tenesteavtale mellom verksemdene og Difi. Vi har oppretta ei brukargruppe med representantar frå Norsk presseforbund, Norsk redaktørforening og enkelte journalistar for å sikre brukarmedverknad i vidareutviklinga av OEP.

OEP vann i november ei utmerking for beste praksis i kåringa European Public Sector Awards 2011 i regi av European Institute for Public Administration.

Difi leverte ei vurdering av alternativ for vidareføring av innhaldet i Elektronisk postjournal (EPJ) til departementet i september. Etter at FAD gav tilslutning, valde ein å vidareføre EPJ som ein historisk base på ei ny teknisk plattform. Arbeidet med å konvertere data og migrere dei over på ei ny plattform tok til i fjerde kvartal. Den nye løysinga vart sett i produksjon 1. februar 2012.

## 2.3 Hovudmål 3
## Forvaltninga har kompetente leiarar og medarbeidarar

Dei tilsette i staten er høgt utdanna, har brei røynsle, kjennskap til dei utfordringane verksemdene står overfor og kunnskap om korleis dei kan møtast. Medarbeidarane forventar å møte interessante faglege utfordringar, gode arbeidsprosessar og tilbod om kompetanseutvikling. Det vil vere heilt sentralt for å rekruttere og halde på høgt kompetente medarbeidarar og leiarar i staten.

Difi har følgt opp kompetansestrategien *På nett med læring* gjennom å halde fram arbeidet med å satse på fellesstatlege IKT-løysingar for å fornye, lyfte og effektivisere kompetanseutviklinga i staten. Vi satsar på å utvikle digitale læringsverkemiddel innanfor felles, tverrgåande kompetanseområde som kan nå breitt ut til målgruppene, uavhengig av tid og stad. Difi har arbeidd tett saman med statlege verksemder og dei uttrykkjer eit sterkt og positivt engasjement for fellesløysingar, kunnskapsdeling og utvikling av digitale læringsverkemiddel.

Gjennom e-læringsverktøya våre og samarbeidet med verksemdene, har vi i 2011 nådd ut til bl.a. veldig mange fleire nytilsette og nye leiarar i staten enn i tidlegare år. Gjennom eit felles tilbod for heile staten er vi i gang med å innføre ei felles referanseramme og omgrepsapparat. Det vil vere eit godt utgangspunkt for vidare kompetanseutvikling i regi av Difi eller av verksemdene sjølv.

**Delmål 1**
**Statsforvaltninga tek aktivt i bruk Difi sine kurs og kompetansetilbod, inkludert e-læringsverkemiddel.**

Difi har eit sentralt ansvar for kompetanseutvikling i staten. Kursa våre og andre opplæringstiltak er innretta mot statens særskilte og felles behov. Kursporteføljen og val av tema blir utvikla kontinuerleg i takt med behov og ynske og dei generelle krava som blir stilte til ei kompetent forvaltning. For å nå fleire med eit meir fleksibelt tilbod utviklar vi e-læringskurs og digitale verktøy for læring og utvikling.

Sjå også vedlegg 7 for ein omtale av Difi sine kurs og kompetansetilbod.

<u>Spesielt om e-læringa</u>
Difi lanserte hausten 2010 tre e-læringsverktøy. Når det gjeld målsetnaden om at statsforvaltninga skal ta desse tilboda i bruk, meiner vi at målet er oppnådd. Vi ser likevel at vi må bruke mykje ressursar på innsal av verktøya. Dette trur vi vil bli enklare når vi har etablert eit breiare tilbod. Det er klare forventningar til at det skal kome meir frå Difi på denne fronten.

**Å starte i staten – introduksjonsprogram for nytilsette i staten**

- Det har frå fyrste stund vore stor interesse for programmet. Programmet ligg tilgjengeleg for alle på nettsidene våre. Per i dag har vi i overkant av 1600 registrerte brukarar der. I tillegg har enkelte verksemder lagt programmet på eige LMS (Learning Management System). Rapportering på denne bruken viser om lag 100 enkeltbrukarar.

- Å starte i staten underbyggjer kompetansestrategien *På nett med læring*, der Difi tilbyr sentrale fellestiltak som blir kombinerte med lokal forankring og organisering av kompetanseutviklinga. Til dømes har Kulturdepartementet, Helsedirektoratet og Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) gjort Å starte i staten til ein del av tilbodet sitt til nytilsette.
- Difi har brukt ulike kanalar, forum og høve til å marknadsføre Å starte i staten. Sjå meir om dette i vedlegg 6.

**Sats for nye leiarar i staten**

- Kurset er tilgjengeleg via Difi sine nettsider. I 2011 har vi registrert rundt 500 nye brukarar. I tillegg er nettkurset gjort tilgjengeleg for verksemder som ynskjer å leggje det på eigen tenar eller LMS. Vi har fått tilbakemelding om rundt 75 brukarar fordelte på to verksemder.
- Difi har brukt ulike kanalar, fora og høve til å marknadsføre Sats, jf. vedlegg 6.

Delmålet er oppnådd.

**Delmål 2**
**Difi etablerer seg som eit godt og synleg leiarfagleg miljø i staten, som samarbeider med statlege og eksterne kompetansemiljø.**

Å etablere seg som eit godt og synleg leiarfagleg miljø tek tid og ressursar. Gjennom etableringa av *Faglig råd på ledelse* som arena for akademia og forvaltninga, og oppbygging og synleggjering av det leiingsfaglege miljøet vårt gjennom tilbod og tenester i samarbeid med statlege og eksterne fagmiljø, meiner vi at målet er delvis oppnådd. I 2012 vil det kome leveransar avleidde frå Faglig råds arbeid som vil medverke endå meir til å gjere Difi synleg som leiingsfagleg miljø.

Vi har gjort ei omfattande satsing overfor **nye leiarar** i staten. Ho gjev oss eit godt utgangspunkt for å kunne arbeide profesjonelt med vidare leiarutvikling i staten, men vi er framleis eit stykke unna å kunne tilby eit rammeprogram der kvar enkelt leiar kan velje modular slik det er skildra i Stortingsmelding nr. 19 (2008-2009).

Som døme på eit konkret **samarbeid med eksterne kompetansemiljø** kan vi nemne at Politihøgskolen har oppretta vidareutdanningsstudiet Lederkandidat der éin av tre modular er nettkurset Sats frå Difi. Studiet er halvårleg og gjev 15 studiepoeng. For fleire samarbeidsprosjekt, sjå vedlegg 7.

**Faglig råd på ledelse**
Rådet består av deltakarar frå akademia (NHH, BI, NTNU, SINTEF, UiO) og leiarar frå forvaltninga. Mandatet rådet har, inneber å skulle diskutere leiingsutfordringar og opningar som oppstår i ei digitalisert forvaltning.

- Rådet har som planlagt gjennomført tre møte i 2011. Det siste møtet er sett til mars 2012.
- Det har vorte laga ein wiki (http://fagligraad.wikispaces.com/) for fagleg råd. Denne er førebels ein samarbeidsarena for rådet, men vil bli vurdert for ekstern bruk etter kvart.
- Diskusjonane i rådet dreidde etter kvart mot ”god leiing i digitale endringsprosessar”, og har resultert i synspunkt og relevante

problemstillingar som Difi bruker til å styrkje kunnskapsgrunnlaget på området leiing i ei digitalisert forvaltning. Som eit fyrste steg skal Difi i 2012 gjennomføre ei kartlegging av suksesskriterium ved leiing i digitale endringsprosessar. Målet er å formidle råd og tilrådingar for god leiaråtferd i digitale endringsprosessar til leiarar i staten.

**Tilbod og tenester til nye leiarar**
Ny som leiar-satsinga er bygd rundt Sats, eit modulbasert nettkurs i sju satsar. Difi har i tillegg gjennomført oppstartssamlingar og avsluttande treningssamlingar både vår og haust. På oppstartssamlingane legg vi vekt på den nye rolla til leiaren og prøver å etablere læringsnettverk på tvers av verksemder. På treningssamlingane er kommunikasjonstrening og dei relasjonelle sidene av leiarskapen sentrale.

Årskonferansen for nye leiarar vart arrangert for tredje gong i 2011. Tema var mot og motivasjon som del av leiarkvardagen.

Målgruppa for satsinga er alle fyrstegongsleiarar i staten med personalansvar. Det er brei (geografisk og type verksemd) deltaking både på årskonferansen, oppstartssamlingane og når det gjeld brukarar av nettkurset (rundt 575 nye i 2011).

Attendemeldingar frå så vel nye leiarar som leiarutviklingsmiljø i staten, er at dei opplever nettkurset Sats og tilbodet frå Difi som relevant og nyttig. Det er eit mål å nå ein større del av dei nye leiarane enn det vi til no har oppnådd. For å kome denne situasjonen i møte har vi brukt ei rekkje tiltak; presentasjonar, workshops; deltaking på nettverksgrupper, informasjon på nettsidene og i sosiale medium og møte og bistand til enkeltverksemder og leiarar. Vi har også laga to informasjonsbrosjyrar/rettleiarar for høvesvis HR-/personalavdelingar og leiarar som leier nye leiarar. Vi ser ei stigande interesse for å delta på arrangementa.

Forsking viser at leiarutviklingstiltak som skjer i leiargruppe i eiga verksemd, er det som gjev best effekt. Vi har lagt inn ein vesentlig innsats i å støtte verksemder i å lage eigne opplegg basert på e-læringsprogrammet vårt Sats. Verksemder vi har samarbeidd med, rapporterer om vellukka interne opplegg bygde rundt Sats. Difi arbeider også for å spreie røynslene i verksemdene med å lage eigne opplegg med utgangspunkt i verktøy frå Difi. Dette gjer vi ved å arrangere workshops der dette er tema og ved å kople nøkkelpersonar med kvarandre.

**Tilbod til andre leiarar**
I tillegg til satsinga på nye leiarar leverer Difi eit variert utval av tilbod til andre kategoriar leiarar. For statens toppleiarar blir leiing sett på dagsorden på den årlege Toppleiarkonferansen.

For røynde leiarar gjennomførde Difi i perioden 2010-2011 eit pilotprosjekt i aksjonslæring. Tolv deltakarar frå tre verksemder gjennomførde endrings- og utviklingsprosjekt i eiga verksemd som integrert del av personleg leiarutvikling. Det vart utvikla nye verktøy og metodar, og erfaringsdeling og nettverk var viktige element i programmet. Evalueringa av programmet viser gode attendemeldingar på leiarutviklinga og gode ringverknader i verksemdene. Resultata er dokumenterte i evalueringsrapporten frå Difi og sluttrapportar frå kvar av dei tre verksemdene. På grunn av. bl.a. krav til ressursar vil programmet ikkje bli vidareført i same form

som pilotprosjektet, men metodar og verktøy som vart utvikla, blir tekne i bruk i andre tilbod til leiarar.

I 2011 lanserte vi Leiarutvikling i porsjonsstorleikar på Difi sine nettsider. Dette er innhaldet i nettkurset Sats sett saman på nytt, i mindre, temabaserte e-læringselement. Elementa kan brukast av den enkelte leiaren med ei konkret utfordring, eller når det er eit tema ein ynskjer å utforske. Materialet eignar seg også til bruk på samlingar der deltakarane går gjennom elementa frå Sats i plenum eller i grupper. Det eignar seg også som førebuing til ei samling som handlar om temaet. Difi gjev råd og rettleiing om korleis elementa kan brukast.

Delmålet er delvis oppnådd.

**Delmål 3**
**Statlege verksemder får betre kunnskap, rettleiing og verktøy til bruk i IA-arbeidet, og fleire verksemder arbeider med tiltak for auka nærvere, rekruttering og oppfølging av medarbeidarane.**

Målet er delvis oppnådd. Innanfor dette delmålet får Difi konkrete bestillingar frå FAD som vi har gjort greie for under pkt.7 nedanfor.

**Særskilte oppgåver:**

1. Utgreie og levere framlegg til korleis etablere eit LMS i staten. Framlegget skal også omfatte ei læringsplattform, og i tillegg ein modell for brukarfinansiering. Det skal bl.a. byggje på røynsler frå arbeidet med e-læringsprogram og pilotprosjekt i 2010.
   Difi har i 2011 følgt opp pilot-samarbeidsprosjektet "Etablering av kompetanseplattform" i staten mellom dei fire samarbeidspartnarane DFØ, Skatteetaten, Utanriksdepartementet og Difi. Føremålet var å ta i bruk funksjonalitetane i den heilskaplege HR-løysinga frå SAP, inkludert LMS. Prosjektet vart avslutta utan at ein fann konkrete løysingar.

   Difi leverte i desember 2011 eit notat om korleis etablere ei læringsplattform for å stimulere til kunnskapsdeling og gjenbruk og skape eit betre digitalt læringstilbod og -miljø. I samråd med FAD er det lagt til grunn og rekna på ei meir langsam oppbygging av felles kursportefølje enn i den samfunnsøkonomiske analysen frå 2009. Difi har innhenta utrekningar på fleire modellar for brukarfinansiering. Notatet inneheld også eit framlegg til plan for innføring av ei felles læringsplattform.

2. Medverke til å styrkje den internasjonale kompetansen i statsforvaltninga, medrekna å drive utviklingsarbeid for auka EU-/EØS-kompetanse og skape møteplassar for statlege verksemder.
   Opplæringsprogrammet *Noreg i internasjonalt samarbeid (NIS)* har vore gjennomført i 2011med fire modular. Dei fire modulane har vore fullteikna og har fått gode tilbakemeldingar frå deltakarane. Vi ser behov for jamleg oppdatering og justering av kursporteføljen og ulike innhaldselement i kursa. I 2011 vart det ikkje arrangert studietur til Genève og Paris, då det for fyrste gong vart arrangert ein kursmodul i Genève i multilaterale

forhandlingar. Kurset er finansiert av Utanriksdepartementet og Difi i fellesskap. Endringane er gjorde i tett samarbeid med relevante utanlandske fagmiljø i Genève - UNITAR, som også står for det faglege innhaldet i det nye forhandlingsdømet i modulen. Basert på dei gode røynslene frå dette kurset, vil vi halde fram med dette samarbeidet med Utanriksdepartementet og UNITAR. Vi vil gjennomføre eit slikt kurs også i 2012, men med nokre justeringar basert på røynslene frå 2011.

Europakompetanseprogrammet har òg vore gjennomført i 2011. Basert på kommentarar og innspel frå brukarane på tidligare modular har vi gjort endringar og justeringar, og kunne frå 2011 tilby eit meir komprimert og konsentrert program som legg større vekt på basiskompetanse knytt til EU/EØS. Endringane vart gjorde i tett samarbeid med relevante kompetansemiljø og Utanriksdepartementet. Attendemeldingane frå brukarane har vore veldig gode, og vi vil halde fram med jamlege oppdateringar og ei vidare utvikling av dette kurset.

Difi har tidlegare gjennomført ei enkel kartlegging av behovet for faglege nettverk for å byggje opp EU- og EØS-kompetanse i departementa. Vi fann ikkje behov for nettverk, men i staden fann vi klare ynske om fagleg påfyll i form av frukostmøte og seminar. Dette arbeidet har vore vidareført i 2011, med to vellukka frukostseminar innanfor tema Noreg og EU/EØS (sjå vedlegg 2 Oversikt over Difi-møteplassar).

Difi har òg vidareutvikla EU-vegvisaren for forvaltninga på Difi.no (Difi.no/europakompetanse). Vegvisaren tilbyr rask tileigning av basiskunnskapar om EU-systemet.

Informasjon og nyhende om ulike arrangement med EU/EØS-relevans blir jamleg publiserte på Difi.no.

Alle desse tiltaka skal medverke til å auke den internasjonale kompetansen i forvaltninga og er utvikla i samarbeid med brukarane.

3. <u>Kartleggje behov for, og eventuelt utarbeide eit avgjerdsgrunnlag for ein felles statleg stillings- og rekrutteringsportal</u>
   Difi leverte i desember 2011 eit notat med framlegg til modell for ein omdømme/arbeidsgjevarportal. Ein portal à la den svenske og danske kan vere ein nyttig reiskap for FAD i arbeidet deira for å promotere staten som arbeidsgjevar og medverke til å sikre framtidig rekruttering. Innhaldet bør vere arbeidsgjevarpolitiske tema som t.d. hovudavtalen i staten, arbeidsmiljø, lønsvilkår, høve til kompetanseutvikling, feriereglar, pensjonsrettar etc.

   På portalen bør det vere mogleg for statlege verksemder å vise seg, med t.d. intervju og lenkjer m.m. Då staten rommar så mykje forskjellig, kan det verke mot føremålet å promotere staten under eitt. Ein bør heller trekkje fram mangfaldet av opningar og alternativ.

Difi rår også til at omdømme/arbeidsgjevarportalen har ein søkjefunksjonalitet for ledige statlege stillingar. Dette blir av svenskane og danskane trekt fram som det som skal til for å trekkje brukarar til sidene.

Difi valde i samråd med FAD ikkje å gjennomføre ei behovskartlegging, men heller sjå nærare på kva slags brukarrøynsler svenskane og danskane kunne vise til.

4. Arrangere den årlege toppleiarkonferansen i staten i samarbeid med DFØ og FAD.
   Hovudtemaet i 2011 var leiing og styring i omskiftelege tider. Konferansen har godt oppmøte og får gode attendemeldingar både mot. relevans og kvalitet.

5. Fremje bruken av medarbeidarundersøkingsverktøyet Avant overfor statlege verksemder og tilby opplæring i bruk av verktøyet, attåt å utarbeide rettleiar.
   Per i dag har i alt 45 verksemder skrive under AVANT brukaravtale med Difi. Det kan nemnast at AVANT nå blir brukt i alle 18 fylkesmannsembete. AVANT ligg føre på bokmål og engelsk, og vil snart også vere tilgjengeleg på nynorsk og samisk.
   Difi har i 2011 gjennomført ei brukarundersøking blant dei verksemdene som har brukt AVANT, for å kunne betre både verktøy, seminara og oppfølgingsarbeidet. Av 17 verksemder som fekk tilsendt brukarundersøkinga, svarte 15. Ca. 6000 respondentar er involverte. Det er meir enn dobbelt så mange som var i utvalet for medarbeidarundersøkinga i 2010. Brukarane er svært godt nøgde.

6. Leggje til rette og stå for gjennomføring av eit traineeprogram for personar med nedsett funksjonsevne og høgare utdanning.
   Traineeprogrammet for personar med høgare utdanning og nedsett funksjonsevne vart starta mars 2011, med 23 trainear fordelte på 9 departement og 9 statlege verksemder. Det er gjennomført to samlingar for traineane (2x3 dagar), mentorane (2 x ½ dag) og leiarane (2 x ½ dag). Traineane har fått tildelt ein mentor og er med i læringsgrupper. Både traineane og leiarane har fått eit oppfølgingsmøte med Difi i løpet av hausten. Tilbodet skal vere ei støtte til traineane og leiarane, slik at begge partar får mest mogleg utbyte og læring i programperioden. Attendemeldingane har vore gode, og programmet blir avvikla etter planen. Siste samling for traineane, leiarane og mentorane blir gjennomførd våren 2012.

7. Å lage eit rettleiingshefte om IA-avtalen og utvikle og gjennomføre regional konferanse i Tromsø
   I 2011 laga Difi ein rettleiar om IA-arbeid i staten. Rettleiaren er tilgjengeleg på Difi og FAD sine nettsider, og er i tillegg trykt opp og distribuert i 6000 eksemplar til no. Han blir no brukt av hovudsamanslutningane og FAD i arbeidet deira med oppfølginga av IA-avtalen.

Som bidrag til å forankre målsetnader og tiltak i IA-avtalen, har Difi i 2011 gjennomført tre IA-konferansar i Bergen, Tromsø og Trondheim retta mot leiarar, HR-tilsette og tillitsvalde i statleg forvaltning i regionane. Programmet for konferansane har hatt innslag frå NAVs regionale arbeidslivssenter, leiinga i Arbeidsgjevarpolitisk avdeling i FAD og Difi. Det har vore til saman om lag 300 deltakarar på konferansane som har fått gjennomgåande svært gode attendemeldingar.
Problemstillingar knytte til implementering av IA-avtalen i statlege verksemder er også representerte i ulike leiarutviklingstiltak frå Difi, i form av dilemma, oppgåver og problemstillingar på treningssamlingar for nye leiarar.

Arbeidet med oppfølginga av IA-avtalen har vore gjort i tett samarbeid med partane i staten.

**Styringsparameter for hovudmål 3:**
I 2011 har i underkant av 6000 delteke på våre kurs, seminar og konferansar. Om lag 3000 deltok på kurs og om lag 3000 deltok på konferansar. 59 prosent av alle som deltok på kursa våre, svarer at dei i stor grad/svært stor grad har fått fagleg utbyte av kurset. I tillegg svarer 68 prosent at dei i stor grad/svært stor grad er nøgde med kurset totalt sett. Vi finn nøyaktig den same prosentdelen nøgde hjå konferansedeltakarane våre.

Dei fleste deltakarane på våre kurs er i aldersgruppa 31-60 år (totalt 78 prosent), på konferansar er hovudvekta 41-50 år (35 prosent). Det er flest rådgjevarar/sakshandsamarar som deltek på kurs (85 prosent), medan det berre er 19 prosent av deltakarane som er leiarar. På konferansar er delen leiarar blant deltakarane litt større (29 prosent).
Sjå vedlegg 8.

## 2.4 Hovudmål 4 IKT-bruken i offentleg sektor er koordinert og underbyggjer målet om ein effektiv og brukarretta offentleg sektor

Målet uttrykkjer ein langsiktig ambisjon, som vil krevje innsats over fleire år for å bli fullt ut realisert. Vi vil likevel hevde at utviklinga går i riktig retning. Det store volumet og veksten i bruken av ID-porten er ein indikator på at forvaltninga tilbyr stadig fleire tenester - men samstundes går dette saktare enn planlagt. 89 prosent av innbyggjarane har kjennskap til MinID, og ein stor del av desse har både brukt og er nøgde med tenesta. ID-porten medverkar også til at utviklinga står fram som koordinert.

**Samordningstiltak**
Vi har eit klart inntrykk både frå møte i Skate, eForvaltningskonferansen og andre arenaer og også frå den årlege undersøkinga *IT i praksis* frå Dataforeningen, at det er brei tilslutning til dei samordningsgrepa som er sette i gang. Det gjeld etablering og bruk av felleskomponentar, standardar, metadata og prosjektmetodikk. Så langt har dei sentrale tiltaka i stor grad vore innretta mot å etablere ein infrastruktur og eit rammeverk for utvikling av digitale tenester. Dette arbeidet må framleis prioriterast høgt sidan infrastrukturen førebels ikkje er robust, fullstendig eller samordna nok. Vi viser her til framlegg i Difi-rapport 2010:17 *Nasjonale felleskomponenter* om behovet for å arbeide vidare med korleis felleskomponentar bør styrast, forvaltast, finansierast og utviklast.

**Offentlege verksemder lite digitalt modne**
Sjølv om utviklinga går i riktig retning, kunne og burde ho ha gått raskare. Fleire interessante funn kan framhevast, jf. eksempelvis Difi si kartlegging av status og hindringar for Digitalt fyrsteval (Difi-rapport 2011:2 og 2011:3), kartlegging av IT-styringa i departementa[1] og dessutan oppfølgingsundersøkinga frå Riksrevisjonen[2] , Dokument 3:12 (2007–2008) av elektronisk informasjonsutveksling og tenesteutvikling i offentleg sektor. Oppsummert viser desse utgreiingane at offentlege verksemder er lite modne når det gjeld digital tenesteutvikling, og at det er svak linjestyring i den enkelte sektor med lite krav om digitalisering og gevinstrealisering. Skal modninga og utviklingstakta auke, er det behov for ei sterkare pådrivarrolle.

Vi meiner mangel på departemental styring, mangelfull finansiering av tiltak på tvers av verksemder og manglande føremålstenlege samarbeids- og styringsformer er dei største hindringane for elektronisk informasjonsutveksling. Dette blir også støtta av Riksrevisjonen si undersøking der over halvparten av verksemdene (51 prosent) i svært liten/nokså liten grad vurderer sitt eige fagdepartement som ein

[1] «Styring av den elektroniske forvaltning i Norge – en tilstandsrapport» Arild Jansen og Ivar Berg-Jacobsen. Complex nr. 1/2011
[2] Riksrevisjonens oppfølging av forvaltningsrevisjoner som er behandlet av Stortinget. Dokument 3:1 (2011-2012) s. 39

pådrivar for å oppnå auka informasjonsutveksling og samhandling med andre verksemder.
Berre ein fjerdedel av verksemdene vurderer sitt fagdepartement i nokså stor/svært stor grad som ein pådrivar.

**Rundskriv medverkar til auka samordning**
Rundskriv om *Samordning og styring av IKT-relaterte investeringer i staten* medverkar også til auka styring og felles krav til IT-løysingane. Dette er eit godt verkemiddel som gjerne kan vidareutviklast og utnyttast betre for å oppnå auka samordning og styring. Det er også fornuftig å vurdere samanhengen med referansekatalogen og forskrift om IT-standardar for tilrådde og obligatoriske føringar. Det er ikkje gjort vurderingar av når felles IT-krav skal inngå i rundskrivet og når dei skal inn i referansekatalog/forskrift. Det bør klargjerast nærare.

Rundskrivet minner om formelle krav til kvalitetssikring av prosjekt over 750 millionar kroner. Det finst ingen tilsvarande krav til prosjekt under denne beløpsgrensa. Dette kan likevel vere aktuelt for å sikre at prosjekt som skal realisere digitalt fyrsteval, i større grad lukkast.

**Riksrevisjonen**
Riksrevisjonens dokument 3:1 (2011-2012) har også sett på i kva grad verksemdene opplever at FAD og Difi er pådrivarar for å oppnå elektronisk informasjonsutveksling og samhandling på gjevne område.




Figur 2 FAD og Difi som pådrivarar

Riksrevisjonen oppsummerer slik:
«Oppfølgingsundersøkelsen tyder på at virksomhetene i stor grad tar hensyn til føringene i de statlige ikt-arkitekturprinsippene, og at prinsippene vurderes som nyttige. Riksrevisjonen registrer også at Referansekatalogen for it-standarder vurderes som et nyttig tiltak. Både statlige virksomheter og departementene vurderer Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet og Difi som pådrivere når det gjelder prioriterte tiltak som felles standarder og felles ikt-arkitekturprinsipper. Sammenlignet med undersøkelsen i 2007 gir departementene samlet en mer positiv vurdering av Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementets pådriverrolle. Riksrevisjonen vil samtidig påpeke at

virksomhetenes vurderinger av Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet og Difis ivaretakelse av pådriverrollen, viser at det er forbedringsmuligheter på flere områder.»

Vi er samde i funna og vurderingane Riksrevisjonens har gjort.

**Delmål 1**
**Etatsleiarar har styrkt merksemd om Digitalt fyrsteval som prioritert område.**

Den uttrykte ambisjonen frå regjeringa om digitalt fyrsteval har klart medverka til auka merksemd om temaet. Vi observerer at stadig fleire verksemdsleiarar, særleg på direktoratsnivå, uttrykkjer forståing og interesse for IKT som drivar i forvaltningsutviklinga, og at koordinering på området er naudsynt.

Difi har medverka til dette særleg gjennom desse initiativa:

- Rapportar:
    - Digitalt førstevalg – status for elektroniske tjenester i staten – Difi-rapport 2011:2
    - Digitalt førstevalg - en kartlegging av hindringer og muligheter – Difi-rapport 2011:3
- Skate-samarbeidet mellom åtte statlege verksemdsleiarar
- Leiarfora i kommunesektoren (K10 og Rådmannsnettverket)
- Difis eForvaltningskonferanse

I tillegg til fleire funn og tilrådingar i desse rapportane, lanserte Difi «Modenskapsmatrisen». Denne framhevar verksemder som har gjort ein god innsats for å digitalisere tenestene sine, men også dei som framleis har eit stykke att. Dette medverka til debatt og merksemd i året som har gått.




Figur 3 Modenskapsmatrisen

Skate-samarbeidet har mykje å seie for forankring på toppleiarnivå i dei verksemdene som er rekna som mest sentrale i det tverrsektorielle eForvaltningsarbeidet. I 2011 vart også Statens kartverk ved Kartverkssjef Anne

Cathrine Frøstrup invitert til å delta i Skate. Statens kartverk er særleg sentral fordi dei har ansvar for Matrikkelen, ein av dei fem føreslegne nasjonale felleskomponentane. Skate har særleg diskutert temaa elektronisk ID, Altinn og felleskomponentar generelt i året som har gått.

Difis har medverka til å etablere kommunane sine strategiske samarbeidsorgan K10 og Rådmannsnettverk. 150 rådmenn har no vore gjennom fire samlingar à to dagar med opplæring i strategisk bruk og styring av IKT.

For andre gong arrangerte vi eForvaltningskonferansen som vart opna av statsråd Karl Eirik Schjøtt-Pedersen og statsråd Rigmor Aasrud. Til saman deltok 250 personar, av desse 42prosent leiarar. 46 prosent av desse kom frå direktorat / statlege verksemder. 64 prosent opplevde konferansen som i stor grad/i svært stor grad nyttig.

Delmålet er oppnådd.

**Delmål 2**
**Ein robust og framtidsretta e-ID-infrastruktur er tilgjengeleg for forvaltninga og brukarar av offentlege tenester**.

ID-porten er i stabil drift og det er god vekst i talet på transaksjonar. I 2011 var det totalt nesten 24 millionar innloggingar til offentlege tenester via ID-porten.

Difi har i 2011 arbeidd vidare med å profesjonalisere forvaltninga av ID-porten gjennom å innføre nye og vidareføre eksisterande rutinar og prosedyrar baserte på ITIL-metodikken. Difi har også vidareført arbeidet med eit styringssystem for informasjonstryggleik basert på ISO 27001.

**Kjennskap til MinID**
Publikumsdelen av omdømmeundersøkinga som Difi gjennomførde hausten 2011, viser høy kjennskap til MinID:

- 89 prosent av dei spurde har kjennskap til MinID
- 86 prosent av dei som har høyrt om MinID, melder at dei også har brukt tenesta
- Av dei som melder å ha brukt MinID svarer 87 prosent at tenesta er nyttig og 77 prosent svarer at dei er nøgde med tenesta

Commfides blei integrert i ID-porten i mars 2011, og sluttbrukar kan etter eige val bruke MinID (nivå 3), Buypass ID (nivå 4) eller Commfides e-ID (nivå 4) til å logge inn. Dette føreset at tenesteeigar har migrert over til ID-porten 2.0. Migreringa blir tilpassa planane frå den enkelte tenesteeigaren og har derfor teke lengre tid enn venta. Det er venta at alle tenesteeigarar har migrert over i løpet av fyrste kvartal 2012.

Sommaren 2011 byrja arbeidet med å førebu at innsyn i skattelistene skulle skje ved innlogging via ID-porten. Det vart forventa svært høg trafikk og ID-porten vart førebudd gjennom omfattande ytingstesting. Det har gjort tilgjenge, kapasitet og responstid meir føreseieleg for ID-porten. Det vart også etablert løysingar for å kunne avgrense tilgangen til skattelistene utan at det ville gjelde andre tenester.

Då skattelistene vart opna i oktober fungerte løysinga utan problem. Skattelister på nett vart eit vellukka prosjekt der vi hadde utstrakt samarbeid med Skattedirektoratet i forhold til løysing, brukarstøtte og kommunikasjon. Trafikken vart langt lågare enn forventa, og det vart ikkje behov for å setje i verk trafikkavgrensingstiltak.

Den auka bruken av ID-porten gjev samstundes auka kostnader. Dagens finansieringsmodell, som i hovudsak er basert på sentralfinansiering, er ikkje berekraftig over tid. Difi har vurdert ulike finansieringsmodellar og sende 1. november over eit notat til departementet med tilråding til ny finansieringsmodell frå 2013. Tilrådinga er todelt og omfattar ein mellombels modell for 2013, og ein langsiktig modell som fell saman med finansieringsforslaget i Difi-rapport 2010:17 *Nasjonale felleskomponenter i offentlig sektor. Forslag til hvordan nasjonale felleskomponenter bør styres, forvaltes, finansieres og utvikles.*

**Tenesteutvikling**
Tenesteutviklinga i offentleg sektor går saktare enn det tenesteeigarane tidlegare har presentert for Difi som sine planar. Ved årsskiftet 2011/2012 var berre to nivå 4-tenester i produksjon – "Mine Reseptar" frå Helsedirektoratet og "Mine vaksinar" frå Folkehelseinstituttet. Årsakene er samansette, men det blir påpeikt som uheldig at det er få innbyggjarar som har ein e-ID med nivå 4 som kan brukast i ID-porten. Det er om lag 370 000 personar som har gyldig Buypass ID og få som har Commfides e-ID.

På denne bakgrunnen vart det hausten 2011 etablert eit forprosjekt for å utgreie eventuelle tiltak for å auke talet på brukarar som kan bruke tenester på nivå 4 gjennom ID-porten. Prosjektet har vurdert konkrete alternativ og forprosjektrapporten skal handsamast i Styringsrådet for ID-porten i januar. Difi vil deretter gje si tilråding til departementet.

Delmålet er oppnådd.

**Delmål 3**
**Ein felles IKT-arkitektur med basis i referansekatalogen, andre obligatoriske og tilrådde standardar og nasjonale felleskomponentar er tilgjengelege for og blir etterlevde i forvaltninga**.

Standardane i referansekatalogen, arkitekturprinsippa og nasjonale felleskomponentar er alle tilgjengelege for forvaltninga. Det har i 2011 likevel ikkje vore ressursar til å etablere ein felles IKT-arkitektur der dei nemnde elementa er del av ein heilskap. Delar av felles IKT-arkitektur er på plass, men det står framleis att arbeid før arkitekturmål-biletet er skildra i heilskap. Skildring av ein felles arkitektur for statleg sektor er planlagd i 2012.

**Tilrådde og obligatoriske forvaltningsstandardar** gjer det enklare å etablere elektronisk samhandling mellom offentlege verksemder. Attendemeldingane Difi får i ulike samanhengar tyder på at vi gjer riktige prioriteringar. I 2011 har vi hatt 9523 unike brukarar på Standardiseringsportalen (3107 av desse har vore innom 10-200 gonger). Rapporten *IT i praksis* frå Teknisk Ukeblad viser at 66 prosent av

statlege verksemder og 72 prosent av kommunane i høg eller nokon grad bruker Referansekatalogen. Riksrevisjonen registrer også at Referansekatalogen for IT-standardar blir vurdert som eit nyttig tiltak (jf. Riksrevisjonens dokument 3:1).

Difi følgjer ein tydeleg definert arbeidsmetodikk for å utgreie og eventuelt tilrå forvaltningsstandardar. Vi opplever at målgruppene våre er svært positive til at prosessen er open og ryddig, det er enkelt å følgje med og all informasjon er gjord tilgjengeleg. Det er derimot avgrensa kor mange som involverer seg i dei høyringane vi har. Dette håpar og trur vi vil endre seg etter kvart som etatane forstår kva rolle standardane får og kor viktig det er at ikkje val blir gjort utan å ta omsyn til deira behov.

Dei fleste standardane det blir peika på i dagens liste over tilrådde og obligatoriske IT-standardar i offentleg sektor, er tekniske. Men vi ser at det å peike på organisatoriske og semantiske standardar vil bli stadig viktigare framover.

Å utgreie kor vidt ein standard bør tilrådast som obligatorisk er vesentleg meir ressurskrevjande enn ein tilrådd standard. I tillegg er konsekvensane større. Ein særskilt konsekvens av å tilrå obligatoriske standardar er at kravsetjar må avklare korleis dette skal finansierast for kommunane. Både ut frå ressurs- og konsekvensomsyn er det grunn til å minne om at det skal vere svært gode grunnar for å vedta obligatoriske standardar.

I 2011 har Difi fokusert spesielt på **standardar innanfor tryggingsområdet**. Digitalt fyrsteval føreset forsvarleg informasjonsutveksling, medrekna behandling og utveksling av sensitiv informasjon. Standardar for tryggleik vil vere eit viktig verkemiddel, og Difi har gjennomført fleire utgreiingar på dette området. Særleg stor merksemd har ISO-standardane 27001 og 27002 for styringssystem for informasjonstryggleik fått, sidan Riksrevisjonen har brukt desse standardane som revisjonskriterium. Desse standardane er tilrådde å inngå i Referansekatalogen. Det er få dokumenterte røynsler, men førebels indikasjonar tyder på at innføring av styringssystemet er svært ressurskrevjande. Difi vil derfor følgje tilrådinga frå Standardiseringsrådet om å hente inn fleire røynsler frå verksemder som innfører styringssystemet.

Mange samhandlingsprosjekt slit med feil på grunn av ulike teiknsett. Innføring av **teiknsettstandarden UTF-8** vil forenkle dette over tid, og i tillegg gjere det mogleg å bruke samiske og andre internasjonale teikn. UTF-8 standarden er eit obligatorisk krav for statleg og kommunal sektor frå høvesvis 1.1.2012 og 1.1.2013. Dette er heimla i standardiseringsforskrifta. Difi sin innsats i 2011 var særleg knytt til bistand til FAD i prosessen med å vedta forskrifta.
Dei viktigaste tiltaka for å framskunde utbreiinga og få ein kostnadseffektiv overgang vil vere rettleiing og gjennom ei aktiv pådrivarrolle. For å vareta dette har vi forsøkt å engasjere ressursar frå relevante etatar. Desse har ikkje kome på plass før i 2012. Koordineringsarbeidet kom derfor ikkje i gang i 2011.

Eit tredje område Difi har prioritert i 2011 er **metadata**. Samhandling på tvers krev at verksemdene snakkar same språk. Skal vi kunne gjenbruke data frå andre, må vi vite kva dei tyder. Difi har levert ein nasjonal strategi for metadata til FAD.

Arbeidet har også vorte forankra i Skate. Dette blir rekna som eit viktig arbeid, som er tett knytt med standardiseringsarbeidet. Eit felles metadataarbeid medverkar også til auka samhandling internt mellom juristar, forvaltningsfaglege og IT-faglege, noko som kan medverke til betre kvalitet i tenestene og betre rettstryggleik. Førebels er området lite modent. Difi vil følgje opp strategien gjennom ei gradvis tilnærming.

I tillegg til desse hovudområda, trur Difi det vil vere eit behov for standardar knytte til tenesteorientert arkitektur, publisering av opne data og nye felleskomponentar som felles meldingsboks. Det er heilt avgjerande at felleskomponentar også baserer seg på forvaltningsstandardar, slik at dei kan kommunisere med andre og bytast ut med andre løysingar etter behov. I det vidare arbeidet med standardisering vil desse områda vere prioriterte.

**Arkitekturprinsippa**
Oppsummering av årsrapportane frå alle departement om etterleving av fellesføringane for IKT-investeringar gjev oss oversikt over kjennskap til og etterleving av arkitekturprinsippa. Det same gjer Riksrevisjonens dokument 3:1 (2011-2012) der kjennskap til og etterleving av arkitekturprinsippa er undersøkte. Begge delar viser god kjennskap og etterleving. I Riksrevisjonens undersøking kjem det fram at eit fleirtal av verksemdene i stor grad har teke omsyn til føringane i arkitekturprinsippa ved utvikling eller ombygging av IT-system.

Difi reviderer no arkitekturprinsippa for å sikre at dei framleis blir opplevde som relevante, og vil vere ferdige med revisjonen tidleg i 2012. Dette inneber ikkje ei vurdering av kor vidt dagens sju arkitekturprinsipp er føremålstenlege, men ei vidare konkretisering og oppdatering av korleis forvaltninga skal forstå og bruke desse.

**Felleskomponentar**
Difi har tilrådd å gje fem felleskomponentar status som nasjonale. Framlegget er til vurdering hjå FAD.

Målet uttrykkjer eit langsiktig arbeid som vil gå over fleire år. Delmålet for kva som var mogleg i 2011, må seiast å vere oppnådd, samstundes som arbeidet vil førast vidare i 2012. Det gjeld blant anna å skildre ein felles IKT-arkitektur, styringssystem for informasjonstryggleik, metadata og UTF-8.

Delmålet er oppnådd.

**Delmål 4**
**Nye nasjonale felleskomponentar tilrådde av Difi, blir tekne i bruk i forvaltninga**.

**Eksisterande felleskomponentar**
Særleg ID-porten men også Altinn har hatt stor vekst i bruk, både i talet på tenesteeigarar og elektroniske tenester og i innbyggarane sin bruk. Sjå elles omtale under styringsparameter.

I tillegg har Difi delteke i oppstarten av Skattedirektoratets moderniseringsprogram for folkeregisteret, noko som er relevant for å vareta dei behov forvaltninga har.

**Nye felleskomponentar**
I rapporten frå Difi om felleskomponentar har vi skildra funksjonalitet som vi meiner vil ha stort potensial som fellesløysingar, men som ikkje eller berre delvis er realiserte som felles løysingar per i dag. Dette gjeld blant anna:

- personars elektroniske adresser, som e-postadresse og mobilnummer
- verksemders elektroniske adresser
- felles elektronisk teneste for meldingsutveksling (felles meldingsboks)
- utbreiing e-ID på nivå 4
- elektronisk signatur
- validering av e-IDar
- verksemdsertifikat
- felles forvaltning av samtykke, profilar og identitetsinformasjon

Desse fellesløysingane er alle relevante for å realisere digitalt fyrsteval. Difi har hjelpt FAD i den vidare vurderinga av kva element som er mest relevante og når det er realistisk å realisere slike løysingar. Særleg ser vi det som viktig at arbeidet med vidare realisering av felles elektronisk meldingsboks, personars elektroniske adresse og utbreiing av e-ID nivå 4 blir prioriterte.

I 2011 prioriterte vi særleg arbeidet med felles meldingsboks. Difi utgreidde ei løysing for ein felles elektronisk meldingsboks som vil gjere det mogleg med elektronisk meldingsutveksling mellom forvaltninga og innbyggjarar og næringsliv, jf. Difi-rapport 2011:7 *En felles meldingsboks*. Ein felles meldingsboks er sentral for å realisere politikken om digitalt fyrsteval, og rapporten tilrår korleis han bør realiserast.

Delmålet er oppnådd.

**Delmål 5**
**Informasjonstryggleik skal fremjast i arbeidet Difi gjer med felleskomponentar, statens standardavtalar og kursverksemd.**

Difi har halde **to heildagskurs og ein workshop** med informasjonstryggleik som hovudtema. Initiativa har vore godt mottekne, med om lag 100 deltakarar frå offentleg sektor. Dessutan har vi halde to frukostseminar og sett i gang eit nettverk for informasjonstryggleik med deltaking frå operativt nivå i sentral statsforvaltning (15 verksemder). Nettverket har hatt tre heildagssamlingar med føredrag og tilhøyrande erfaringsutveksling.

Det viktigaste temaet i tryggingsarbeidet har vore korleis verksemdene kan etablere eit styringssystem for informasjonstryggleik, jf. tilrådinga frå Standardiseringsrådet om bruk av ISO 27001. (Sjå også omtale under delmål 3)

Gjennom e-ID-programmet prioriterer Difi **informasjonstryggleik som ein kritisk felleskomponent** i forvaltninga. (Sjå også omtale under delmål 2)

Det planlagde arbeidet med rettleiande tekst til **statens standardavtalar (SSA)**, jf. halvårsrapporten, er inntil vidare lagt på is. Dette kjem av ressurssituasjonen i Difi og at anna tryggingsarbeid er vurdert som meir føremålseffektivt, medrekna arbeidet med nasjonale retningslinjer for informasjonstryggleik. Difi har gjeve råd om tryggleik knytt til standardavtalane.

Delmålet er oppnådd

**Særskilte oppgåver:**

1. Levere eit avgjerdsunderlag til departementet som inneheld framlegg til plan for sektorvise og tverrsektorielle tiltak for Digitalt fyrsteval, basert på ei kartlegging av dagens situasjon og sentrale hinder. Avgjerdsunderlaget er tverrsektorielt forankra på etatsnivå.
   Difi har våren 2011 levert to rapportar som høvesvis har kartlagt status for elektroniske tenester (Difi-rapport 2011:2 *Digitalt førstevalg – status for elektroniske tjenester i staten*), og hindringar og opningar for digitalt fyrsteval (Difi-rapport 2011:3 *Digitalt førstevalg – en kartlegging av hindringer og muligheter*). Begge rapportane har sett på problemstillingane frå utvalde etatar si side.

   Rapportane viser at det er stort spenn mellom statlege verksemder når det kjem til digital modenskap, både når det gjeld tilbodet av elektroniske tenester og i kva grad vidare saksbehandling er automatisert. Dei mest sentrale hindringane som blir trekte fram er manglande politisk merksemd på digitalisering, men også mangel på forståing hjå verksemdsleiarar for korleis digitalisering kan medverke til utvikling og effektivisering av verksemda deira. Mangelen på styring av IT-området blir også støtta av rapporten *Styring av den elektroniske forvaltning i Norge – en tilstandsrapport* (Arild Jansen og Ivar Berg-Jacobsen, UiO, Complex nr. 1/2011). Styringsutfordringane som gjeld felleskomponentar har vorte adresserte i Difi-rapport 2010:17 *Nasjonale felleskomponenter*, der vi føreslår konkrete styringsregime for å sikre naudsynt fokus og prioritering.

   Etter avtale med FAD har Difi vore til hjelp i det vidare arbeidet med avgjerdsunderlaget i samarbeid med departementet. Dette bidraget har skjedd i form av utlån og hospitering av fagressursar frå Difi til FAD både vår og haust 2011, og ved utgreiingsoppdrag.

2. Setje i verk føremålstenlege oppfølgingstiltak for eit Digitalt fyrsteval.
   Dette arbeidet har skjedd i samråd med FAD, der Difi primært har hjelpt departementet i arbeidet deira med digitalt fyrsteval, jf. punktet over.

   I tillegg har vi gjennomført ei intern kartlegging av den samla porteføljen ved Difi for å vurdere kva oppgåver i Difi som medverkar til realisering av digitalt fyrsteval for forvaltninga og sikre ein meir målretta bruk av kompetansen hjå Difi. Resultatet av dette arbeidet har blant anna inngått i Difis strategiprosess.

3. Drifte og forvalte ID-porten på ein mest mogleg kostnadseffektiv og kvalitativ måte.
   ID-porten har gjennom året vore i stabil, god drift. Det har vore få hendingar og feilsituasjonar.

   Driftsstatistikken viser stor driftsstabilitet i 2011:

| SLA | Krav | Gjennomsnitt levert 2011 |
|---|---|---|
| Oppetid MinID | 99,90 % | 99,96 % |
| Oppetid ID-Porten | 99,80 % | 99,97 % |
| Responstid MinID ved pålogging | 90,00 % innan 3 sekund | 99,92 % |
| Responstid ID-Porten ved pålogging | 90,00 % innan 3 sekund | 99,95 % |

   Tabell 2 Driftsstatistikk ID-porten

   Også brukarstøtta har i gjennomsnitt innfridd SLA-krava for heile 2011. Det har vore 43 sekund i gjennomsnittleg ventetid mot eit SLA-krav på 50 sekund. I perioden mai – desember har brukarstøtta kontinuerleg innfridd SLA-krava.

   Det blir gjennomført ein streng kostnadskontroll, inklusive estimering av nye prognosar kvar månad. Utgiftene til brukarstøtte er reduserte, og det er gjennomført kontraktgjennomgang med driftsleverandørane.

   Difi er opptatt av tryggleik og kvalitet. Det er gjennomført tryggingsvurderingar og -gjennomgangar av ID-porten og underleverandørane til løysinga. Identifiserte tiltak er gjennomførde eller er under gjennomføring som ledd i det kontinuerlege tryggingsarbeidet. Det blir også gjennomført hyppig kvalitetstesting.

   Vi har etablert samarbeidsorgan med verksemdene som bruker ID-. Brukarrådet, Integrasjons- og tryggingsforum og Brukarstøtteforum hadde sine fyrste møte i oktober.

4. Medverke i arbeidet med e-ID på nasjonalt ID-kort i samarbeid med Politiet og Justis- og politidepartementet.
   Også i 2011 har Difi arbeidd for å få etablert eit Nasjonalt ID-kort med offentleg utferda e-ID på høgaste tryggingsnivå (nivå 4). Det er avklart at prosjektet må leiast av Politidirektoratet (POD) då hovuddelen av prosjektet gjeld forhold under Justisdepartementet sitt ansvarsområde. Difi vil medverke på det som gjeld e-ID.

   Både justissektoren og Difi fekk midlar til arbeidet i revidert nasjonalbudsjett. Politidirektoratet (POD) etablerte eit forprosjekt i juni 2011 med fleire ressursar frå Difi. Men arbeidet vart stoppa på haustparten då det vart klart at statsbudsjettet for 2012 ikkje inneheldt løyvingar til dette føremålet.

5. Arbeide vidare med fellesløysing for elektronisk signatur og arbeid med løysingskonsept for meldingskryptering.

Etter behovskartlegging hausten 2010 vart det klart at Lånekassen er den einaste tenesteeigaren med eit klart og tidfest behov for avansert elektronisk signatur. Det vart derfor tidleg i 2011 avgjort at ei fellesløysing for elektronisk signatur skulle etablerast ved vidareutvikling av signeringsløysinga i Altinn og prøvast ut i ein pilot med Lånekassen.

Då Lånekassen på vårparten vedtok å utsetje piloten sin, var det ikkje lenger grunnlag for å bestille endringa i Altinn. Difi har etter dette arbeidd vidare med å vurdere alternativa for å realisere ei felles signeringsløysing.

Difi har utarbeidd eit *Løsningskonsept for meldingskryptering* (Difi-notat 2011:2) som vart offentleggjort sommaren 2011. Å realisere ei løysing for ende-til-ende meldingskryptering er avhengig av nærare behovskartlegging attåt kost/nytte-analysar. Tenesteeigarane kan no vurdere behova sine for meldingskryptering mot eit konkret løysingsframlegg.

6. Integrere relevante autentiseringsløysingar frå Altinn i ID-porten.
   Det vart i april underteikna ein intensjonsavtale mellom Brønnøysundregistera (Brreg) og Difi om eit samarbeidsprosjekt for å overføre relevante autentiseringsmekanismar i Altinn til ID-porten. Føremålet er å oppnå forenkling for sluttbrukar og ei samordning for offentleg sektor.

   Altinn har sju ulike innloggingsval og ID-porten er eitt av dei. Altinn har også Buypass som eit sjølvstendig innloggingsalternativ, i tillegg til at Buypass kan brukast i ID-porten. Innlogging med verksemdssertifikat og innlogging for brukarar utan fødselsnummer/D-nummer er alternativ som ID-porten ikkje dekkjer i dag. Det vart sett i gang ein kost/nytte-analyse for å vurdere korleis overføringa kan gjennomførast på ein best mogleg måte. Analysen blir fullført i januar 2012. Det vil krevje eit felles prosjekt med tilstrekkelege dedikerte ressursar og naudsynt finansiering for å få gjennomført ei overføring av autentiseringsmekanismane.

   I mellomtida vil det bli gjort ei mindre endring som inneber at ID-porten blir det primære innloggingsvalet frå altinn.no. Endringa er klar i ID-porten men produksjonssetting i Altinn er forseinka. Ho er planlagd til siste helga i februar 2012.

   Det er vidare etablert eit samarbeid mellom forvaltningsorganisasjonane i Brreg og Difi. Det er bl.a. etablert felles retningslinjer for varsling og informasjonsutveksling ved hendingar i Altinn og ID-porten.

7. Levere eit avgjerdsgrunnlag til departementet som inneheld framlegg til nye nasjonale felleskomponentar. Avgjerdsunderlaget er tverrsektorielt forankra på etatsnivå og stør oppunder framlegg utarbeidde under mål 1.
   Framlegg til nasjonale felleskomponentar, inkludert styring, forvaltning, finansiering og utvikling av desse, vart leverte som Difi-rapport 2010:17 *Nasjonale felleskomponenter i offentlig sektor*. Forankringa av avgjerdsunderlaget er gjord i Skate og i diverse møte med verksemder. Rapporten utgjer eit strategisk fundament og Difi legg mykje av

tilrådingane i rapporten til grunn i arbeidet vårt elles (medrekna høyringar, utgreiingar, føredrag etc.).

Rapporten har vore til høyring i regi av FAD, og Difi har vore til hjelp for departementet i høyringsprosessen.

Jf. også omtalen under delmål 4.

8. Levere eit grunnlag til vurdering av ev. pålegg om bruk av relevante informasjonstryggingsstandardar.
   Difi har gjennomført eit forprosjekt som identifiserer kva for delområde innan informasjonstryggleik der det er behov for forvaltningsstandardar. Det er så utgreidd standardar for styring av informasjonstryggleik og standardar for å sikre kommunikasjonskanalar. Det er gjort vurderingar av behovet for standardar knytte til krypteringsalgoritmar og nøkkellengder, og det er utgreidd kva for bruksområde av e-ID ein bør utgreie forvaltningsstandardar for fyrst. I tillegg er ei ny utgreiing om standardar for styring av risiko innan informasjonstryggingsområdet snart ferdig. Difi er i ferd med å levere ein kort rapport til FAD, som summerer opp arbeidet med informasjonstryggingsstandardar i 2011.

   Difi har på bakgrunn av råd frå Standardiseringsrådet føreslege tilrådde standardar på områda styring av informasjonstryggleik og sikre kommunikasjonskanalar. Framlegget skal høyrast og avgjerast i Difi før tilrådinga blir offisiell.

   Difi skal i 2012 kartleggje røynsler utvalde etatar har med ISO 27001. Dette vil vere nyttig når vi seinare skal vurdere om denne standarden bør gjerast obligatorisk for styring av informasjonstryggleik.

9. Medverke til sekretariatet for Koordineringsutvalet for førebyggjande informasjonstryggleik (KIS).
   Difi har medverka til sekretariatet for KIS. Hausten 2011 har Difi også delteke i ei arbeidsgruppe under KIS, for utarbeiding av framlegg til nasjonale retningslinjer for styrking av informasjonstryggleiken.

**Styringsparameter for hovudmål 4:**

**ID-porten**

| Styringsparameter | 31.12.2010 | 31.12.2011 | Vekst i % |
|---|---|---|---|
| Vekst i talet på transaksjonar i ID-porten | 14 382 541 | 23 991 303 | 67 % |
| Vekst i talet på unike brukarar av ID-porten | 2 338 282 | 2 687 809 | 15 % |
| Vekst i talet på tenesteeigarar som bruker ID-porten* | 110 | 217 | 97 % |
| Vekst i talet på tenester gjennom ID-porten på nivå 3** | 89 | 138 | 55 % |
| Vekst i talet på tenester gjennom ID-porten på nivå 4 | 1 | 2 | 100 % |

Tabell 3 Styringsparameter for ID-porten

*"Talet på tenesteeigarar" er talet på statlege etatar og kommunar som har inngått Samarbeidsavtale om bruk av ID-porten.
**"Talet på tenester gjennom ID-porten på nivå 3" viser talet på føderasjonar. Bak kvar føderasjon kan det vere mange tenester. Dette gjeld spesielt for portalar som Altinn, MinSide og skjemaportalar for kommunane.

**Omfang av talet på statlege verksemder som etterlever og medverkar til vidareutvikling av arkitekturprinsippa**

Basert på undersøkinga *IT i praksis 2011* og *IT i praksis 2010* frå Dataforeningen ser vi denne utviklinga knytt til forventa nytteverdi og faktisk bruk i høvesvis stat og kommune:

| Styringsparameter | 2010 | 2011 | Vekst |
|---|---|---|---|
| Forventa nytteverdi - stat | 70 % | 74 % | 4 % |
| Forventa nytteverdi - kommune | 79 % | 86 % | 7 % |
| | | | |
| Bruk – stat | 60 % | 76 % | 16 % |
| Bruk - kommune | 40 % | 40 % | 0 |

Tabell 3 Styringsparameter arkitekturprinsippa

*IT i praksis* oppsummerer at forventningane til verdien av arkitekturprinsippa har stige det siste året, både blant statlege verksemder og kommunar. Undersøkinga viser også ein auke i bruk hjå statlege verksemder, medan kommunane ligg på same nivå som året før.

Vi vil peike på at det er noko uvisse rundt tala i undersøkinga då svarprosenten var låg.

Likevel ser vi den same trenden basert på oppsummering av årsrapportane frå departementa frå 2010. Dei viser at 31 verksemder følgjer føringane om bruk av arkitekturprinsippa og 10 verksemder planlegg å følgje desse (av totalt 70 rapporterande departement/verksemder). Det er berre éi verksemd som svarer at arkitekturprinsippa ikkje blir følgde, og fire som svarer at det ikkje er relevant for verksemda deira. I tillegg kjem 26 verksemder som ikkje har omtalt dette punktet.

**Omfang i bruk av felleskomponentar i forvaltninga**
Med unntak av ID-porten (som vi sjølv forvaltar), har ikkje Difi detaljert oversikt over bruk av andre felleskomponentar.

Sjå styringsparameter om ID-porten over.

**Tal deltakarar på kurs og konferansar der informasjonstryggleik er eit vesentleg element**
100 deltakarar på kurs og workshop. Dessutan 85 deltakarar på frukostseminar og 60 oppmøte på nettverkssamlingar (3 samlingar, à 15-30 deltakarar).

## 2.5 Hovudmål 5 IKT-politikken skal gje gode rammevilkår for næringsliv, innbyggjarar og samfunnsliv

Å lage gode rammevilkår for næringsliv, innbyggjarar og samfunnsliv krev eit fokus på demokratiske rettar som openheit, innsyn og lik rett til deltaking. Nokre av verkemidla frå Difi for å oppnå hovudmål 5 er opne data og vidarebruk, og å sikre lik rett til deltaking og inkludering gjennom universell utforming av IKT-løysingar. For å stø opp under arbeidet prioriterer Difi deltaking i internasjonalt IKT-samarbeid som fremjar kunnskap om informasjonstryggleik, deling av data og felles IT-arkitekturløysingar.

Tilgjengeleggjering av offentlege datasett for vidarebruk kan vere av stor verdi for næringsliv, offentleg sektor og innbyggjarane. Det er truleg eit stort potensiale for verdiskaping gjennom vidarebruk av offentlege data. I tillegg er det eit viktig demokratisk prinsipp at data og informasjon om forvaltningas virke og prioriteringar blir lett tilgjengelege for ålmenta. I Noreg utgjer fellesføringane for statleg sektor i 2011 det formelle startskotet for arbeidet med opne data. Lanseringa av data.norge.no med det tilhøyrande datahotellet var ein viktig milepåle i arbeidet. Difi er ein pådrivar for at forvaltninga skal gjere datasetta sine tilgjengelege, og det er vorte teke initiativ til fleire møteplassar for arbeidet med opne data.

Difi medverkar til auka konkurranse og innovasjon på IKT-området gjennom rolla som kontaktpunkt for EU-programmet Competitiveness and Innovation (CIP). Gjennom denne rolla informerer Difi aktuelle søkjarar om programmet, om utlysingar, søknadsprosedyrar og krav til prosjekt.

I 2011 var føremålet å etablere tilsynsfunksjonen i Difi knytt til forskrift for universell utforming av IKT-løysingar. Då prosessen for å setje forskrifta i kraft vart forseinka, valde Difi i samråd med FAD å setje prosjektet for tilsynsetableringa i frys i oktober 2011. Dei fleste førebuingane er gjorde for etableringa av tilsynsfunksjonen. Difi har i 2011 prioritert kompetansebygging på universell utforming av IKT-løysingar, og kome inn i komitear i regi av W3C og Standard Norge som påverkar utviklinga på området.

**Delmål 1**
**Forvaltninga tilbyr fleire datasett som aktivt blir brukte vidare.**

Difi tok over ansvaret for data.norge.no frå FAD september 2011. I tredje kvartal har Difi prioritert å få på plass byggjeklossane som trengst for å kunne arbeide med opne data i Difi. Dette omfattar blant anna

- å gjere oss kjende med landskapet rundt opne data og behova til både dataeigarar og vidarebruksmiljøet
- å identifisere moglegheiter og utfordringar nasjonalt og internasjonalt
- å byggje nettverk nasjonalt og internasjonalt, blant anna ved å arbeide tett saman med IKT-Noreg

Ved utgangen av 2011 var 59 datasett frå 15 ulike etatar og kommunar tilgjengelege på data.norge.no. Vi vurderer derfor måloppnåinga som god basert på at dette er eit nytt område. Det vil ta noko tid før vi ser den naudsynte kulturendringa som trengst før etatane sjølve aktivt opnar opp sine data.

I desember arrangerte Difi «hackathon» på Institutt for informatikk på Universitetet i Oslo. Arrangementet resulterte i elleve konkrete framlegg til mobile og web-baserte tenester baserte på opne offentlege data. Dette er døme på korleis Difi kan stimulere til at offentlege datasett aktivt blir brukte vidare. Difi ynskjer med slike arrangement å etablere møteplassar for vidarebruksmiljøet, dataeigarar og Difi. Eit viktig poeng har også vore å etablere Difi som ein aktiv og tydeleg tilretteleggjar for kontakt mellom partane. Arrangementet vart også dekt i riksmedia, noko som medfører auka medvit kring opne data.

Delmålet er oppnådd.
Sjå også omtale av oppgåve 5, 6 og 8 nedanfor som stør opp om dette delmålet.

**Delmål 2**
**Norsk deltaking i det internasjonale IKT- samarbeidet innan programområdet ISA og CIP er godt støtta opp om.**

Difi varetek kontaktpunktfunksjonen for CIP og deltek i det internasjonale ISA-arbeidet. I CIP-samanheng har vi i 2011 hovudsakleg drive generell rettleiing om programmet, hatt møte med aktuelle søkjarmiljø og delteke på kontaktpunktmøte i Brussel. Informasjonsdagen om Call 5 vart avlyst på grunn av for få påmelde. Det vart i 2011 gjennomført ei ekstern evaluering av blant anna Difi si rolle i CIP som nasjonalt kontaktpunkt. Rapporten blir følgt opp.

I ISA har Difi delteke i desse arbeidsgruppene under programmet:

- Trusted information exchange
- Interoperability architecture
- Exchange of best practice
- ISA Coordination group

Difi har også delteke i arbeidet med utarbeiding av nytt rammeverk for EUs eGovernment benchmark. Nordisk samarbeid på IT-området har elles vorte styrkt i 2011.

Delmålet er oppnådd.

**Styringsparameter hovudmål 5:**

**Talet på statlege etatar og kommunar som tilbyr data for vidarebruk gjennom data.norge.no**
Per 31.12.2011 blir det i alt tilbydd 59 datasett frå 15 statlege etatar og kommunar.

**Talet på oppslag på wiki om universell utforming av IKT.**
Gjennomsnitt per md. i 2011 var 165 besøk på wiki om universell utforming.

**Publiseringa av relevant informasjon for CIP ICT og ISA på nettstaden til Difi.**
Det har totalt vorte publisert 43 artiklar i 2011. Dette inkluderer nyhende og partnarsøk i samband med Call 5.

**Utvikling i tal norske søknader til CIP-ICT.**
Vi kjenner til at det er ni norske søknader som har fått tilslag, men det er berre Kommisjonen som har oversikt over talet på søknader.

**Særskilte oppgåver:**

1. Arbeide vidare med utgreiing av tilsynsfunksjonen knytt til universell utforming av IKT-løysingar i samråd med departementet.
   Desse prosjektrapportane er utarbeidde:
   - Juridiske føringar for universell utforming av IKT og Difi sin tilsynsfunksjon (skal ferdigstillast når forskrifta er vedteken)
   - Ei heilskapleg tilnærming til universell utforming av IKT i Difi, med vekt på tilsynsrolla

   Dimensjonering av tilsynsfunksjonen og vurdering av kompetansebehov er òg utarbeidd. Difi har levert i samsvar med plan fram til frys av arbeidet i oktober 2011. Leveransane er fullførde så langt det lèt seg gjere før forskrifta er vedteken. Dette med tanke på at Difi så raskt som mogleg skal kunne etablere tilsynsfunksjonen med akseptabel risiko så snart naudsynte rammer ligg føre.

2. Førebu rettleiings- og informasjonsfunksjonen knytt til forskrift for universell utforming i samsvar med føringar gjevne i Ot. Prp.44 (2007-2008) og Innst. O. nr. 68 (2007-2008).
   Slik dokumentasjon er utarbeidd for å førebu Difi på rettleiings- og informasjonsfunksjonen:
   - Juridiske føringar for tilsynet sin informasjons- og rettleiingsfunksjon
   - Kommunikasjonsstrategi/interessentanalyse for tilsynet ved oppstart (fyrste halvår), med tilhøyrande aktivitetsplan
   - Ferdigstilt krav- og innhaldsspesifikasjon for ein universelt utforma nettstad i regi av Difi. Denne skal også brukast i rettleiingssamanheng

3. Vere fagorgan i ferdigstillinga av forskrift og vidareutvikling av regelverket for universell utforming av IKT-løysingar, medrekna å arbeide med funksjonsbaserte krav, standardar, indikatorar og kompetanseutvikling.
   Leveransar på førespurnad frå FAD:
   - Bidrag til høyringsnotat og vedlegg på førespurnad frå FAD
   - Vi følgjer elles opp førespurnader frå omverda om innhaldet i utkast til forskrift m.m.
   - Avtale om å stå til hjelp for FAD i høyringsprosessen.

Eigeninitierte bidrag frå Difi:

- Fleire bidrag til høyringsnotat med vedlegg, mellom anna framlegg om å justere sakleg verkeområde ved å unnta multimedieinnhald frå plikt til uu (WCAG 2.0, retningslinje 1.2.3, 1.2.4 og 1.2.5)[3].
- Utgreiing av tilhøvet mellom §§ 9 og 11 i diskriminerings- og tilgjengelegheitslova, med framlegg om skisse til arbeidsdeling mellom Likestillings- og diskrimineringsombodet (LDO) og Difi[4].

  På området ”*videreutvikling av regelverket for universell utforming av KT-løsninger, herunder arbeide med funksjonsbasertekrav, standarder, indikatorer”* er det ikkje lagt planar for konkrete leveransar før forskrifta er send på høyring / vedteken.

4. Etablere data.norge.no som ein nasjonal datakjeldekatalog og møtestad for både dataeigarar og databrukarar.

   Betaversjon av data.norge.no vart lansert på Nokios-konferansen 21. september, og med dette vart ansvaret for data.norge.no formelt overført frå FAD til Difi.

   Vi har profilert data.norge.no, både på Nokios og på årets Open Data Government Camp i Warsawa. På sistnemnde konferanse var det stor interesse for Noreg si løysing for opne data.

   For å klargjere juridiske spørsmål knytte til lenking og hosting, har vi fått bistand frå eit advokatkontor. Desse har også vore til hjelp i arbeidet med å utvikle bruksvilkår og personvernpolicy for data.norge.no.

   Data.norge.no har etablert ein idéseksjon og blogg med opne kommentarfelt der både dataeigarar og vidarebrukarar kan diskutere opne data. Vi har òg oppretta ein twitterprofil der vi twitrar på hashtaggen #offdata.

5. Etablere eit informasjons- og rettleiingsopplegg for tilgjengeleggjering av offentlege data retta mot statlege etatar og kommunar.

   Etter at Difi tok over ansvaret for data.norge.no i september 2011, har desse tiltaka retta mot dataeigarar vorte sette i verk:

   - Informasjon og rettleiing er tilgjengeleg på data.norge.no.
   - Brosjyre retta mot statlege etatar og kommunar er laga og distribuert.
   - Ein rettleiar for dataeigarar er under utarbeiding og vil bli ferdigstilt i løpet av fyrste halvdel av 2012.
   - Vi har halde innlegg og hadde stand på årskonferansen til IT-forum Sogn og Fjordane, halde innlegg på to Semicolon-arrangement og hadde stand på Kvalitetskonferansen 2011. Vi har også arrangert tre workshops for dataeigarar. På desse workshopane fekk dataeigarane hjelp til å identifisere datasett i eiga verksemd og presentasjon av data.norge.no og datahotellet.

[3] Notat til FAD, datert 16.05.11.

[4] Notat til FAD, datert 02.05.11

6. Forvaltninga skal tilby fleire datasett som aktivt kan brukast vidare. Som ledd i dette skal Difi halde DifiCamp i 2011.
   Gjennom samarbeid mellom Difi og FAD vart det sommaren 2011 arrangert DifiCamp for studentar med sommarjobb i Difi. Fokus var på å lage eit «datahotell», også omtalt som «eit generisk programmeringsgrensesnitt for opne data», ein innovasjon som gjer det lettare for offentlege etatar å dele data med omverda. Løysinga er med på å gjere tilgjengeleg verktøy som kan brukast i samband med fellesføringa rundt opning av data frå FAD. For å lage datahotellet vart det rekruttert 13 studentar (12 frå NTNU, 1 frå UiB), hovudsakleg gjennom karrieremessa til Framtidsfylket i Trondheim. I løpet av sommaren laga studentane datahotellet som i dag er sett i produksjon og er ein del av satsinga på data.norge.no.

   Difi sitt arbeid rundt data.norge.no, og datahotellet spesielt, vart presentert for eit internasjonalt publikum på Open Government Data Camp i Warszawa i oktober, noko som resulterte i gode attendemeldingar både i Warszawa og på Twitter i etterkant. I tillegg vart det demonstrert til eit norsk publikum på NOKIOS-konferansen og for involverte avdelingar og FAD i løpet av hausten.

7. Utvikle og konvertere EPJ-base til trygg plattform
   Ny løysing sett i produksjon februar 2012. Vi viser til anna skildring av måloppnåing og aktivitetar under hovudmål 2.2.

8. Vidareutvikle data.norge.no og datahotellet for opplasting av datasett.
   Noko innleiande arbeid vart utført i desember, og ny versjon av data.norge.no med nytt design og ny funksjonalitet vart lansert. Dette arbeidet vil bli følgt opp og ferdigstilt i løpet av fyrste halvår 2012. Slik funksjonalitet vil bli inkludert:

   - data.norge.no blir lansert i 1.0 versjon
   - integrasjon av CKAN
   - diskusjonsforum
   - implementere standard visualiseringsverktøy på datahotellet
   - betre integrasjon mellom datahotellet og data.norge.no
   - identifisere potensialet til 2. generasjons data.norge.no

## 2.6 Hovudmål 6 Offentleg sektor gjennomfører samfunnsnyttige, kostnadseffektive og kvalitetsretta anskaffingar

Saker som blir klaga inn til Klagenemnda for offentlege anskaffingar (KOFA) og dei årlege revisjonane frå Riksrevisjonens viser at det framleis er store utfordringar knytte til gjennomføring av offentlege anskaffingar. I Dokument 1 (2011-2012) viser Riksrevisjonen til at det framleis skjer anskaffingar der anskaffingsprosessane ikkje blir gjennomførde og dokumenterte i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar. Riksrevisjonen har i sin forvaltningsrevisjon (Dokument 3:6 (2010-2011)) undersøkt årsakene til regelbrot.

Undersøkinga viser at det er mange årsaker til at statlege verksemder bryt regelverket. Blant anna er innkjøpskompetansen svak, arbeidet med anskaffingar er ikkje tilstrekkeleg forankra i leiinga, internkontrollen er mangelfull, og innkjøpsarbeidet er lite føremålstenleg organisert. Difi deler Riksrevisjonens observasjonar og dette er førande for innretninga av Difi sitt arbeid på anskaffingsområdet.

Dei viktigaste verkemidla for å nå hovudmålet har vore rettleiing av statlege verksemder gjennom Anskaffelser.no, svar på enkeltførespurnader, nettverksarbeid, seminar, kurs og konferansar, i tillegg til omfattande opplærings- og utviklingstiltak overfor store statlege verksemder.

Difi har utvikla eit breitt tilbod med rettleiing og verktøy knytte til offentlege anskaffingar. Utfordringa framover er å få offentlege verksemder til å ta dette i bruk og heile tida å forbetre rettleiinga for å medverke til betre offentlege anskaffingar.

Anskaffingskonferansen vart også i år ein suksess med 500 deltakarar og svært gode tilbakemeldingar frå deltakarane.

Arbeidet Difi gjer med miljø- og samfunnsansvar, attåt innovasjon blir utført på ein slik måte at dei oppdragsgjevande departementa er godt nøgde med det arbeidet Difi utfører. Arbeidet er godt integrert i Difi sin heilskap, og vesentlege synergiar er etablerte i heilskapen av anskaffingsporteføljen i Difi.

E-handelssatsinga går bra med tanke på tal nye verksemder som knyter seg til e-handelsplattforma. Tal abonnement auka frå 99 til 152 i 2011.Det er framleis utfordrande å oppnå vesentleg omfang i volum av kjøp basert på e-handel. Å få auka volumet i talet på transaksjonar og verdi over plattforma er hovudutfordringa for anskaffingsområdet og vil ha hovudprioritet i året som kjem.

Difi si deltaking i og leiing av PEPPOL-prosjektet gjev ei god retning for nasjonalt e-handelsarbeid og medverkar til at Difi sitt omdømme blir styrkt også internasjonalt. I 2011 har Difi medverka aktivt til ferdigstillinga av PEPPOL-leveransar internasjonalt. Vi er komne viktige steg vidare i arbeidet med å leggje til rette for nasjonal e-handel basert på PEPPOL-resultat og internasjonalt standardiseringsarbeid. EU-kommisjonen er svært tilfreds med Peppol-prosjektet og Noreg si leiing av dette arbeidet.

**Delmål 1**
**Offentlege oppdragsgjevarar sin kompetanse og evne til å sikre effektive og kvalitetsretta anskaffingar er styrkt.**

Det viktigaste verkemidlet Difi har for å medverke til kompetanseheving og effektive anskaffingar, er tilbodet på Anskaffelser.no. Attendemeldingar frå brukarar viser at dei synest tilbodet er nyttig. Rettleiingstilbodet har vorte utvida i 2011 med fleire nye rettleiarar. Nye generelle rettleiarar i 2011 er rettleiar for kjøp av konsulenttenester, enkel rettleiar for offentlege anskaffingar og rettleiar for kontraktsoppfølging. I tillegg er rettleiinga for styring og leiing av offentlege anskaffingar styrkt (sjå delmål 2). Det er også utarbeidd rettleiarar for å vareta sosialt ansvar i offentlege anskaffingar (CSR-kompasset) og rettleiar i anskaffing av transport.

Det blir også arbeidd med utvikling av malar for konkurransegrunnlag med tilhøyrande kontraktar for dei mest vanlege vare- og tenestekjøpa.

Ei brukarundersøking gjennomførd vinteren 2010/2011 er lagd til grunn for eit vidareutviklingsprosjekt av Anskaffelser.no. Arbeidet starta hausten 2011 og held fram vinteren 2012. Utviklinga vil gje portalen eit meir moderne brukargrensesnitt i tillegg til betra struktur og innhald.

Difi har også gjennomført opplæring gjennom kursverksemda til Difi, attåt tilpassa opplæring for fleire grupper. For å auke kompetansen og stimulere til deling av kompetanse mellom offentlege innkjøparar har Difi etablert eit nytt nettverk i staten (Nettverk stat), samt halde samling for departementas nettverk.

Difi har gjennomført pilotering av ein kompetansetest / ei sertifiseringsordning hausten 2011 og vurderer no korleis arbeidet bør vidareførast. Eit viktig tiltak for å få merksemd kring fagområdet offentlege anskaffingar og auke kompetansen er den årlege anskaffingskonferansen. Konferansen vart gjennomført 3. november og Difi har fått gode attendemeldingar frå deltakarane på konferansen.

Gjennom nyhendebrevet OI-nyheter blir det kvar veke formidla 8 artiklar til 1300 mottakarar.

Delmålet er oppnådd.

**Delmål 2**
**Leiarar organiserer og styrer innkjøpsområdet på ein god og føremålstenleg måte.**

Tilbodet om styring og organisering av offentlege anskaffingar er styrkt i 2011. Ein ny versjon av strategirettleiaren er lansert. Difi har også laga rettleiar (med tilhøyrande analyseverktøy) for etablering av internkontroll på innkjøpsområdet. Det er gjennomført fleire kurs i utarbeiding av strategi og etablering av internkontroll på innkjøpsområdet. Verktøy for sjølvevaluering for leiing av offentlege anskaffingar blir no kvalitetssikra og lanserte våren 2012.

Delmålet er oppnådd.

**Delmål 3**
**Det offentlege tek i større grad ut effektiviseringspotensialet i offentlege anskaffingar.**

I tillegg til arbeidet som blir gjort på e-handelsområdet og med rettleiingar og malar, har Difi sitt arbeid på dette området vore knytt til samordning av offentlege innkjøp. Difi har henta inn ei utgreiing om effektar av auka samordning av innkjøp. Rapporten er oversendt til FAD for vidare oppfølging. Arbeidet med å ta ut effektiviseringspotensialet vil blir vidareført i 2012, og det vil bli gjennomført analysar som grunnlag for å få meir systematisk satsing på dette området.

Delmålet er delvis oppnådd.

**Delmål 4**
**Auka utbreiing og bruk av elektronisk handel, blant anna gjennom tiltaket med sentralfinansiering av E-handelsplattforma.**

Det har i 2011 vore arbeidd både med å auke talet på offentlege verksemder som tek i bruk elektronisk handel i tillegg til å auke volum på dei verksemdene som alt er abonnentar på E-handelsplattforma. Effekten av marknadsaktivitetane har vore bra og nye verksemder som teiknar abonnement er vesentleg aukande. Omsetningsauken har vore høgare enn nokon gong tidlegare sjølv om veksten ikkje er på det nivået som er ynskt.

Den store utfordringa er at det typiske e-handelsprosjektet i offentlege verksemder har låge ambisjonar og gjennomføring tek lang tid. Målt i NOK er den samla veksten høg sett i eit historisk perspektiv, men opp mot ein ambisjon om at e-handel blir den vanlege måten å gjere offentlege innkjøp på, er veksten ikkje tilfredsstillande. For Difi er konsekvensen at interne mål om sterk omsetningsvekst ikkje blir nådde. Av hurtigverkande tiltak gjev Difi, via operatøren CPS, støtte til offentlege verksemder i arbeidet med å aktivere fleire leverandørar, i tillegg til støtte til andre aktivitetar som verkar volumaukande hjå den enkelte abonnenten. Som langsiktig tiltak har Difi utarbeidd nytt rettleiingsmateriell der det blir lagt stor vekt på forankring og solide prosjektplanar ved oppstart for å leggje grunnlag for at nye prosjekt får ei raskare og betre gjennomføring. Prosjektvegvisaren for e-handel vart publisert 10. mai 2011.

For å oppnå større vekst i volum meiner Difi det er naudsynt å stimulere store, offentlege verksemder endå meir. To kommunale innkjøpsnettverk fekk i juni tilsegn på støtte til å auke bemanninga på e-handel.

På grunn av vakanse i Difi sitt interne "støtteteam", har kapasiteten til å følgje opp prosjekt vore redusert frå og med januar 2011. Erstatningar er på plass ved utløpet av 2011.

Delmålet er delvis oppnådd.

**Delmål 5**
**Offentleg sektor er i større grad i stand til å ta mot elektronisk faktura på standardformat.**

Arbeidet med elektronisk faktura blir gjennomført i tett og godt samarbeid med departementet. I 2011 har det vore fokus på å klargjere infrastruktur og tilpasse løysingar til standardformat.

For å kunne formidle elektronisk faktura blir det kravd eit elektronisk register over mottakarar (ELMA). Difi har i 2011 etablert eit mellombels ELMA der alle mottakarar kan registrere seg som elektroniske fakturamottakarar. Det er starta opp eit forprosjekt med Brønnøysundregistera som har til intensjon å få etablert ei varig ELMA-løysing innan utgangen 2012.

Formidlinga av fakturaer blir gjord via aksesspunkt. Difi har etablert ein open kjeldekode for aksesspunkt som heiter *Oxalis*. Ved utgangen av 2011 er det 29 søkjarar for å bli aksesspunkt. (2 i produksjon, 11 i test, 16 har ikkje starta test.)

For at system skal kunne forstå dokument, må dei sendast på eit standardisert format. Åtte systemleverandørar kan produsere standardformatet elektronisk handelsformat (EHF). Åtte systemleverandørar kan ta mot standardformatet EHF.

Helse Vest Bergen får mellom 50 og 100 elektroniske fakturaer gjennom aksesspunkt kvar månad.

Delmålet er oppnådd.

**Styringsparameter hovudmål 6:**

**Omfang og kvalitet av opplæring og rettleiingstilbodet**
Rettleiingstilbodet for offentlege anskaffingar har auka gjennom publisering av fleire nye rettleiarar i 2011. Difi har arrangert fleire kurs om offentlege anskaffingar i 2011. Når det gjeld kursverksemda viser attendemeldingar og evalueringar frå kurs at brukarane er nøgde med det faglege innhaldet som blir presentert.

**Talet på offentlege verksemder som tek i bruk E-handelsplattforma**
Talet på abonnentar per utgangen 2011:
- 152 med avtale, av desse er 91 operative
- (Auke med 53 / 28 sidan 31.desember 2010)

**Omsetning på E-handelsplattforma, målt i ordreverdi i kroner**
Omsetning per utgangen 2011:
- NOK 5,44 mrd.
- (Auke på 1,33 mrd. eller 32 % siste 12 månader)

**Talet på statlege verksemder som er i stand til å ta mot elektronisk faktura på standardformat**
199 verksemder er klare (av 280)

**Del av fakturering av statlege verksemder som går føre seg elektronisk**
Det er om lag 10 verksemder som får elektronisk faktura etter nytt standard format.

**Særskilte oppgåver:**

1. Leie og ta del i PEPPOL-prosjektet, som legg til rette for offentlege anskaffingar på tvers av landegrenser i tråd med avtale med EU. Difi skal syte for at deltakinga i prosjektet får synergiar til anna arbeid ved Difi.
   Ei av hovudutfordringane i PEPPOL-prosjektet i 2011 har vore å leie overgangen frå spesifisering og utvikling av programvarekomponentar og andre løysingselement til driftsetjing og faktisk bruk. Ei omorganisering av prosjektet er gjennomført og ein ny privat konsortiedeltakar har vorte vald og fasa inn. Eit 50-tals pilotprosjekt er sett i gang og både private og offentlege verksemder i og utanfor landa som deltek i konsortiet har teke prosjektleveransar i bruk. Ei anna hovudutfordring for PEPPOL har vore å sikre at dei enkelte deltakarlanda og EU sjølv medverkar til å sikre varig drift og styring/oppfølging av prosjektleveransane. Mykje av dette er no i ferd med å kome på plass gjennom avgjerder i EU om framleis prosjektfinansiering for vidareutvikling av PEPPOL-løysingar, finansiering av drift av sentrale komponentar i PEPPOL-infrastrukturen og avgjerder innetter i konsortiet om organisering av styringa av infrastrukturen.

   Noreg:
   Deltakinga i dei ulike delprosjekta er i all hovudsak i rute. Nokre hundretals elektroniske fakturaer er distribuerte gjennom dei nye aksesspunkta. Utfordringane framover er å oppnå eit større tal handelstransaksjonar over landegrensene. Ei vesentleg utfordring er at den jamne handelen mellom offentlege verksemder og utanlandske leverandørar er svært avgrensa samanlikna med omfanget av "innanlandshandel". PEPPOL-løysingane er likevel implementerte i den norske nasjonale e-handelssatsinga (inkludert elektronisk faktura) slik at den norske e-handelssatsinga samstundes er ei satsing på PEPPOL og ein europeisk fellesskap for e-handel.

2. Betre datagrunnlaget for offentlege anskaffingar, og syte for at det ligg føre statistikk om offentlege innkjøp som skal brukast i rapporteringa i samsvar med dei internasjonale krava som følgjer av WTO/GPA og EØS-avtalen.
   Det blir arbeidd systematisk og langsiktig med dette arbeidet, men betringane vil ikkje visast i statistikken før i 2012/13. Desse tiltaka er sette i verk:
   - Rapporteringa skjer årleg i samsvar med krava. Datagrunnlaget blir vurdert som svakare enn ynskjeleg. Problema er identifiserte og enkelte tiltak er sette i gang. Tiltaka er ikkje tilstrekkelege for å sikre god kvalitet i datagrunnlaget.
   - Prosjekt for anskaffing av ny Doffin er starta og planlagt sluttført ved utgangen av 2012.
   - Anskaffingsdataprosjektet har utvikla pilotløysing for å samle inn og presentere leverandørreskontroinformasjon frå offentlege verksemder. Tiltaket vil evaluerast og resultatet vil liggje til grunn for planlegging av vidare tiltak hausten 2012.

3. <u>Skaffe fram statistikk i samband med kjøp av klimagasskvotar.</u>
   Blir gjennomført jamleg i tråd med bestilling frå FAD.

4. <u>Medverke til at det finst gode verktøy som stør opp om gode innkjøp, og at verktøya blir brukte av offentlege oppdragsgjevarar og er gjenstand for ei kontinuerleg utvikling.</u>
   Vi har utvikla fire generelle rettleiarar: enkel rettleiar for offentlege anskaffingar, rettleiar for anskaffing av konsulenttenester, anskaffingsstrategi og internkontroll.

   Rettleiar for behovsdefinering og kontraktsoppfølging er under utvikling.

   Det blir arbeidd med utvikling av fleire konkurransegrunnlag med tilhøyrande kontraktar for dei mest brukte vare- og tenestekjøpa for rammeavtalar. Dei fyrste er ferdige og er tekne i bruk.

   Test og godkjenning av den nye E-handelsplattforma vart fullført i juni 2011.

   Verktøya for konkurransegjennomføring (KGV) tilpassar seg til PEPPOL-leveransar. Avtalane med leverandørane av KGV er forlenga til slutten av 2013.

   Leveransar frå PEPPOL-prosjektet blir gjort ope tilgjengelege slik at alle løysingsleverandørar på marknaden kan nyte godt av denne utviklinga.

5. <u>Vere til hjelp for departementet i arbeidet med auka samordning av innkjøp.</u>
   Utgreiingsoppdrag – konsekvensar av auka samordning er gjennomført våren 2011. Rapport er oversendt FAD for vidare vurderingar og behandling.

6. <u>Utarbeide rettleiar i anskaffingar av helse- og sosialtenester</u>**.**
   Oppstart av arbeidet har i 2011 avventa politiske avklaringar i FAD. Oppgåva er dermed ikkje fullført.

7. <u>Starte prosessen med anskaffing av ny kunngjeringsdatabase (Doffin). Forventa oppstart av ny teneste innan 01.01.2013.</u>
   Prosjekt for anskaffing av ny Doffin er starta i 2011. Kvalifisering av leverandørar gjennomførd og konkurransegrunnlag sendt kvalifiserte. Prosjektet er i rute etter plan om oppstart av ny Doffin i 2012.

8. <u>Førebu, stø og gjennomføre aktivitetar i samband med innføring av elektronisk faktura ved betalingskrav til det offentlege, ved å forvalte obligatorisk standard for elektronisk faktura i Noreg.</u>
   Det er oppretta fire fora for utbreiing av elektronisk faktura: for leverandørar av standardsystem innan innkjøp og Økonomi (ERP), og for høvesvis leverandørar, mottakarar og aksesspunkt. Organisering av forvaltning av aksesspunkt og standardar i prosjektperioden er avklart.

9. Lyse ut eit anbod for å gjennomføre ein analyse av konsekvensane ved auka samordning av offentleg innkjøp.
   Utgreiingsoppdrag – konsekvensar av auka samordning er gjennomført våren 2011. Rapport er oversend FAD for vidare vurderingar og handsaming.

## Omtale av oppdrag som blir finansiert over andre departement sine budsjett

**Miljøverndepartementet**
Regjeringa la i juni 2007 fram ein handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege anskaffingar, med konkrete tiltak for å fremje etterspurnad etter miljøvenlege varer og tenester som er tilverka med høge etiske og sosiale standardar.

Regjeringa vil generelt

- Miljø- og etiske sosiale omsyn i offentlege anskaffingar skal medverke til ein effektiv offentleg sektor og eit konkurransedyktig næringsliv.
- Miljøbelastninga ved offentlege anskaffingar skal minimerast.
- Styrkje kunnskapen om miljø- og klimavenleg forbruk
- Offentleg sektor skal gjennom sine innkjøp ta samfunnsansvar ved å medverke til etisk forsvarleg produksjon

Tiltak i regjeringa sin handlingsplan

- Det skal innførast ein eigen miljøpolitikk for statlege innkjøp med konkrete krav innanfor prioriterte produktgrupper (miljøkriterium)
- Statlege verksemder med vesentlege miljøkonsekvensar skal innføre tredjeparts sertifiserte miljøleiingssystem.
- Medverknad til at kommunar og fylkeskommunar også har auka fokus på miljø- og samfunnsansvar i innkjøp
- Tilrettelegging for auka kompetanse, rettleiing og verktøy for innkjøparar

Difi er for 2011 gjeve belastningsfullmakter frå Miljøverndepartementet på til saman kr. 18 763 000.

Verksemda ved Difi innan mandatet frå Miljøverndepartementet er i 2011 prega av:

- Utvikling av konkrete krav innanfor dei prioriterte produktgruppene (miljøkriterium) er sluttført innan 2011. Vurdering behov for revidering og oppdatering av eksisterande miljøkriterium
- Innspel til EU-kommisjonens utvikling av miljøpolitikk og miljøkriterium via nettverk
- Utvikla rettleiar for miljøvenleg anskaffing av transport der el-bil er inkludert
- Utvikla rettleiar for oppfølging av miljø- og sosiale krav i konkrete anskaffingar
- Utvikla nettbasert rettleiings- og rapporteringssystem for innføring av miljøleiing i staten
- Utvikla ein klimakalkulator

- Integrert miljøarbeidet i anna anskaffingsfagleg verktøy og anskaffingsportal
- Vidareutvikla anskaffingsportal for bygg- og anleggsarbeid
- Utvikla generell kompetansepakke for miljøvenlege anskaffingar
- Vesentleg hjelp til regionale kompetanseeiningar (knutepunkt)
- Halde og delteke på fleire kurs, seminar, konferansar med miljøfagleg innhald
- Bistand i pilotprosjekt: Klimanøytral stat

Difi har i sitt fjerde år styrkt leveransane på sentrale målområde.

Samla sett reknar Difi at vi leverer gode resultat på måla som er sette av Miljøverndepartementet for verksemda i 2011,

**Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet**

Regjeringa ynskjer å vidareføre arbeidet som er sett i gang for at det offentlege, gjennom innkjøpa sine, skal medverke til etisk forsvarleg produksjon, handel og forbruk. Målet er at sosiale og etiske omsyn blir ein naturleg og integrert del av offentlege anskaffingar. Departementet ser det som fordelaktig at aktivitetane blir sedde i samanheng med andre støttefunksjonar for offentlege innkjøparar, og det operative ansvaret for arbeidet er derfor lagt til Difi.

Difi er gjeve i fullmakt å belaste statsbudsjettets kapittel 0865 post 21 med inntil 1 mill kr. i 2011.

Tiltaket er organisert som eit prosjekt i avdeling for offentlege anskaffingar. Verksemda ved Difi innan området i 2011 er prega av:

- Utgreidd om det er mogleg med lovpålegging av sosiale krav
- Lansert rettleiing for sosiale krav i anskaffingar (eit CSR-kompass)
- Innarbeidd sosiale omsyn i generelle anskaffingsfaglege verktøy
- Halde 4 seminar, diverse føredag og ein konferanse
- Internasjonalt og nasjonalt samarbeid
- Profilering av tilbod og kompetanse ved Difi
- Ad-hoc rettleiing/bistand
- Intern kompetanseoppbygging

**Nærings- og handelsdepartementet**

I St. meld. nr. 7 (2008-2009) *Et nyskapende og bærekraftig Norge* og St. meld. nr. 36 (2008-2009) *Det gode innkjøp* blir det peika på at offentlege anskaffingar kan fremje innovasjon i næringslivet og at regjeringa ynskjer å fremje innovasjon gjennom offentlege anskaffingar. Det blir vidare peika på at auka kompetanse hjå offentlege innkjøparar om korleis offentlege anskaffingar kan gjennomførast innovasjonsfremjande, truleg er naudsynt for å oppnå målet.

Støtta frå Nærings- og handelsdepartementet skal medverke til at Difi vektlegg innovasjonseffekten av offentlege anskaffingar på lik linje med andre omsyn. Nærings- og handelsdepartementet har i belastningsfullmakt tildelt Difi kr. 700 000 til føremålet.

Difi har i 2011 bygd på røynslene frå prosjektet som vart gjennomført hausten 2010. Røynslene var at innovasjon i offentlege anskaffingar er eit nytt og ukjent tema for innkjøparane og at fokus derfor i stor grad må vere på å formidle **kva** innovasjon er og **kvifor** innkjøparane skal drive med dette.

Hovudfokus har vore:

- Etablering av innovasjonsmetodikk i offentlege anskaffingar
- Spreiing av innovasjonsmetodikk
- Samarbeid med NHO og internasjonalt

Samla sett vurderer Difi at vi leverer gode resultat på måla som er sette av Nærings- og handelsdepartementet for verksemda i 2011,

**Statens landbruksforvaltning**

Det er inngått ein samarbeidsavtale mellom Difi og Statens landbruksforvaltning (SLF). Som rammevilkår for arbeidet er lagt til grunn Regjeringa sine handlingsplanar:

- Miljø- og samfunnsansvar i offentlege anskaffingar
- Økonomisk, agronomisk – økologisk!

Målet for samarbeidet og det vidare arbeidet med økologisk mat er at Difi skal leggje til rette for at offentleg etterspurnad gjennom konkurransar og miljøleiing gjev eit vesentleg bidrag til at målsetnaden for regjeringa om 15 prosent økologisk produksjon og forbruk i 2020, attåt at det offentlege skal gå føre som ansvarleg forbrukar.

Til arbeidet tilfører SLF Difi kr. 800 000 i 2011.

Difi har i 2011 arbeidd med oppbygging av kompetanse på kjøp av økologisk mat gjennom å arrangere seminar/konferanse og kurs. Difi har også hatt ei pådrivarrolle for å få inkludert økologisk mat i dei statlege kantinene. Vi har også delteke operativt i nokre av dei større anskaffingane i 2011.

Ein vesentleg innsats i 2011 er også lagt i utvikling av standard konkurransegrunnlag og kriterium for kjøp av økologisk mat. Desse leveransane vil bli ferdigstilte våren 2012.

## 2.7 Prosjekttilskot til digital fornying i kommunane

Tilskotsordninga var ein del av regjeringa si tiltakspakke ved finanskrisa i 2009 og skulle medverke til å utvikle nye elektroniske tenester, skape betre elektronisk samhandling i kommunesektoren og til å motverke nedgangstider i IKT-bransjen. Totalt vart det i 2009 gjeve tilsegn om tilskot på heile tilskotsramma på 60 millionar kroner til 161 prosjekt. 290 kommunar og 13 fylkeskommunar var med i prosjekta frå kommunal sektor, og 8 fylkesmenn og 5 andre statlege verksemder var samarbeidspartnarar. I 2011 har Difi følgt opp sluttrapporteringa frå prosjekta.

To prosjekt i 2010 og fire prosjekt i 2011 har meldt frå at dei ikkje kunne gjennomføre prosjekta sine som føresett og sagt frå seg tilskota. Vidare har sluttrapporteringa frå 28 prosjekt vist at tilsegna om tilskot har vore høgare enn 20 prosent av den faktiske prosjektkostnaden. I samsvar med føringane for ordninga er tilskota til desse prosjekta reduserte. Det totale prosjekttilskotet i ordninga vart dermed kr 54 528 585. Prosjekta har slik evaluering i si sluttrapportering tilknytt kriteria for måloppnåing i tilskotsordninga:

| **Prosjektet har ført til nye/betre elektroniske tenester** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Ja | Resultat kjem seinare | Usikkert | Nei | Totalt |
| 82,5 % | 16,2 % | 1,3 % | 0,0 % | 100,0 % |

| **Prosjektet har ført til betre elektronisk samhandling** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Ja | Resultat kjem seinare | Usikkert | Nei | Totalt |
| 43,5 % | 31,8 % | 15,6 % | 9,1 % | 100,0 % |

| **I kva grad har prosjekttilskotet medverka til ei eventuell positiv måloppnåing** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Ikkje i det heile | Til ein viss grad | I stor grad | I svært stor grad | Totalt |
| 0,0 % | 32,5 % | 42,9 % | 24,7 % | 100,0 % |

Forvaltninga av ordninga er no ferdig og tilskotsordninga er avslutta.

## 2.8 Tilskot til kompetanseutvikling

Difi skal fordele tariffavsette kompetansemidlar, og også medverke til å spreie røynsler og til at statlege verksemder kan dele kunnskap frå prosjekt som har fått støtte.

Det kom inn om lag 100 søknader om økonomisk støtte frå dei tariffavsette kompetansemidlane for 2010-2012. Det samla søknadsbeløpet var om lag 72 millionar kroner. Etter framlegg frå Difi fordelte partane om lag 22,2 millionar kroner til 53 prosjekt. I tillegg tildelte dei Difi 1,5 millionar kroner til å lage eit e-læringsprogram om medarbeidarsamtalar. To millionar kroner vart sette av til oppfølgingsaktivitetar bl.a. erfaringsspreiing. Difi har utbetalt midlane og ført rekneskap. Administreringa av midlane har gått etter planen og blir i hovudsak avslutta før utgangen av tariffperioden, dvs. 30. april.2012.

Partane ynskjer at viktige røynsler og resultat frå prosjekta skal bli dokumenterte. Difi har fått oppgåva med å gjennomføre dette. To opne konkurransar for å få ein

leverandør til å gjennomføre dette har ikkje gjeve resultat. I samarbeid med partane utarbeider Difi no ein annan måte å gjennomføre denne oppfølginga på.

# 3 Administrative føringar og styringskrav

Difi har i 2011 satt i verk tiltak for å effektivisere arbeidet og redusere administrative kostnader. Samstundes har utvikling av administrativ infrastruktur framleis vore eit prioritert område i 2011. Samla administrative kostnader har derfor auka frå 54,4 mill. kroner i 2010 til 57,8 mill. kroner i 2011. Administrasjonen er styrkt med fleire leiarressursar og det er tilsett ein fagdirektør med overordna ansvar for informasjonstryggleik. Vidare har husleigekostnaden auka og det har kome på ekstra kostnader til strategiprosess.

Vidareutvikling av organisasjonen er naudsynt for å stø opp om innsatsområda i Difi sin strategi for 2012-15. Dette arbeidet vil halde fram framover. Viktige element i dette arbeidet vil vere ei ny organisering i tråd med innsatsområda, verkemiddel for å sikre heilskap, kvalitet og sterke fagmiljø, styrkt kompetanseutvikling og ein effektiv og profesjonell internadministrasjon.

Difi har i 2011 arbeidd med å etablere rammeverk og vidareutvikle prosessar for verksemdsstyring. Siktemålet er å betre grunnlaget for prioritering, planlegging og jamleg oppfølging. Samordning av interne prosessar i tilknytning til styringsdialogen med FAD har vore viktig.

Konkurransegrunnlag for anskaffing av nytt elektronisk saks- og arkivsystem er sendt ut. Val av leverandør og implementering av nytt system vil vere høgt prioritert i 2012.
Difi har etablert ein IT-strategi med sikte på heilskapleg og effektiv styring internt. Dessutan er arbeidet med informasjonstryggleik vidareført, jf. særskilt omtale under pkt. 3.2.2.

Difi hadde ein stor vekst i talet på stillingar dei fyrste åra etter etableringa. Det er naturleg og ynskjeleg at veksten no flatar ut og talet på tilsette stabiliserer seg. Det har vore gjennomført ein eigen gjennomgang av stillingar og rutinar ved rekruttering med tanke på ei heilskapleg styring av stillingsressursar i den fasen direktoratet no er i. Samla tal på tilsette auka frå 220 i 2010 til 228 i 2011. Dette tilsvarer ein vekst på 4prosent mot 20 prosent i 2010 og 50 prosent i 2009. Samla turnover i 2011 utgjer 11,3 prosent.

Det vart gjennomført ei medarbeidarundersøking i Difi i desember 2010. Denne gav eit generelt positivt bilete, men også nokre utfordringar. Det er i 2011 sett i gang ei brei oppfølging på fleire nivå i Difi.
Ei av utfordringane arbeidsmiljøundersøkinga peikar på, er knytt til at Difi er lokalisert to stader. Dei fysiske arbeidsforholda i Leikanger er ikkje tilfredsstillande i eksisterande lokale. Det er derfor viktig for Difi at arbeidet med ei permanent løysing blir sett i gang.

Difi blei ikkje direkte ramma av terrorhandlingane 22. juli, men stilte mellombels lokale til rådvelde for Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet.

Det blir elles vist til omtale av særskilte fellesføringar og styringskrav nedanfor.

## 3.1 Fellesføringar for statlege verksemder

### 3.1.1 Inkluderande arbeidsliv

Personalpolitikken i Difi legg vekt på mangfald ved å ha eit inkluderande arbeidsmiljø, stimulerande og utfordrande arbeidsoppgåver og konkurransedyktige vilkår. Vi legg til rette for å tilsetje personar med redusert arbeidsevne gjennom tilkomst, tilrettelegging av arbeidsplassen og opning for å arbeide heime. Vi legg til rette for å halde på seniorar ved å inkludere livsfasespørsmål, karriereutvikling og meistring i arbeidet som ein del av medarbeidarsamtalen, og å leggje til rette for endring i arbeidsoppgåver og ansvar eller overgang til anna stilling med mindre krevjande oppgåver.

Difi har lågt sjukefråvere – under 5 prosent. For at vi framleis skal halde sjukefråveret lågt, er vi opptekne av det psykososiale arbeidsmiljøet; at alle tilsette trivst og at det er god tilrettelegging av arbeidet. Tiltaka med pausegym og opning for den enkelte til å bruke delar av arbeidsdagen til trim trur vi er med på å halde sjukefråveret lågt. Medarbeidarverdiane våre *–Vi er engasjerte, vi spiller på lag og vi får jobben gjort –*er viktige i det daglege samarbeidet.

Difi har fornya avtalen om inkluderande arbeidsliv for perioden 2011-2013. Delmåla for 2011 var: sjukefråveret skulle ikkje skulle overstige 4 %, vi skulle ta inn minst éin person gjennom NAV-tiltak eller minst éin person med redusert funksjonsevne i ordinær rekrutteringsprosess, og i tillegg auke den gjennomsnittlege avgangsalderen med ½ år.

Målet på under 4 prosent sjukefråvere i 2011 var eit ambisiøst mål som vi ikkje har nådd. Men sjukefråveret er svært stabilt – 4,69 prosent i 2010 og 4,68 prosent i 2011.

Vi har hatt to personar på arbeidstreningstiltak i regi av NAV i 2011 – den eine i ni månader, til han fekk arbeid ein annan stad, den andre i fem månader – ho går inn i fast stilling i Difi frå februar. Vi har også tilsett éin person med redusert funksjonsevne i 2011.

Dei fleste av seniorane våre står lenge i arbeid, men ofte med redusert arbeidstid, dvs. dei kombinerer arbeid med uttak av AFP. Frå 2010 til 2011 har den gjennomsnittlege avgangsalderen for dei som vel å gå heilt av med pensjon auka med 1,75 år.

### 3.1.2 Brukarundersøkingar

I 2011 har Difi gjennomført desse brukarundersøkingane:

- Innbyggjaren sin kommunikasjon med det offentlege – haldningar, kjennskap og bruk
- Haldningar til offentlege tenester på Internett og elektronisk ID
- Undersøking blant brukarane av brukarstøtteteneste for MinID
- Brukarundersøking OEP
- Omdømmeundersøking for Difi

Resultata frå brukarundersøkingane er offentleg tilgjengelege på nettsidene våre: www.difi.no/artikkel/2011/04/dette-mener-brukerne

**Omdømmeundersøking for Difi**
Undersøkinga vart utført av TNS Gallup i oktober 2011 og består av to delar: Difis omdømme blant publikum og Difis omdømme i forvaltningen.

Undersøkinga blant publikum viser at 89 prosent gjev opp at dei har høyrt om eller har kjennskap til MinID, 65 prosent har høyrt om Minside, medan 20 prosent har høyrt om Difi. Av desse svarer heile 60 prosent «veit ikkje» på spørsmålet om Difis samla omdømme, medan 27 prosent svarer at dei synest Difis samla omdømme er svært bra eller bra. Ingen vurderer Difis samla omdømme som usedvanleg bra, og berre 2 prosent som dårleg.

Difi sitt omdømme i forvaltninga blir vurdert som rimeleg bra. Ekspedisjonssjefar, toppleiarar i fagavdelingar og direktorat har ein sterkare relasjon og er meir tilfredse med Difi enn andre respondentar. Dei som har lågast relasjon og er minst tilfredse med Difi, er kommunikasjonsdirektørar, toppleiarar i staben og toppleiarar hjå fylkesmannen.

### 3.1.3 Lærlingar i staten

Difi har ikkje hatt læreplassar sidan vi vart oppretta i 2008. Aktuelle lærefag i Difi vil vere innanfor kontor- og administrasjonsfaget og IKT-servicefaget, med høvesvis éin læreplass i Oslo og éin i Leikanger frå 2012.

### 3.1.4 Statistikk for talet på arbeidsplassar

Difi er lokalisert i Oslo og Leikanger. Difis bemanning har auka med 129 medarbeidarar i løpet av dei fire fyrste driftsåra. Tabellen nedanfor viser utviklinga i tal arbeidsplassar frå etableringa av Difi i 2008 og til utgangen av 2011:

| **År** | **Leikanger** | **Oslo** | **Auke Leikanger** | **Auke Oslo** | **Tilsette i alt** |
|---|---|---|---|---|---|
| 01.01.08 | 34 | 65 | | | 99 |
| 01.01.09 | 32 | 91 | - 2 | + 26 | 123 |
| 01.01.10 | 63 | 121 | + 31 | + 30 | 184 |
| 01.01.11 | 78 | 142 | + 15 | + 21 | 220 |
| 01.01.12 | 86 | 142 | + 8 | 0 | 228 |

### 3.1.5 Vidare bruk av offentlege data

Difi har oppretta arbeidsgrupper som skal identifisere og gjere tilgjengeleg aktuelle datasett i Difi. Pr. 31.12.2011 har Difi gjort tilgjengeleg 12 datasett:

- LOS
- Kvalitet på nett – resultat 2010
- Etatar og verksemder med kartkoordinator
- OEP innsynskrav 2010
- OEP innsynskrav 2011
- Utlysingar frå Norsk Lysingsblad (7 datasett).

## 3.2 Styringskrav

### 3.2.1 Evalueringar

**Evaluering av *Klart språk i staten***

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet har sett i gang ei evaluering av prosjektet *Klart språk i staten*. Føremålet med evalueringa er å sjå om tiltaka i prosjektet har ført til ynskte endringar i verksemdene, og om endringane er godt forankra og varige. Dessutan er det eit ynske å få kunnskap om i kor stor grad brukarane av informasjon frå dei ulike verksemdene har merka desse endringane.

Arbeidet er lagt opp i to steg: Fyrst ei undervegsevaluering som kom i desember 2011 og så ei sluttevaluering som blir gjennomførd hausten 2013. Undervegsevalueringa er meint å gje eit fyrste bilete av verksemdene si vurdering av tiltaka i prosjektet, og å få etablert eit sett av kvantitative indikatorar. Sluttevalueringa skal vere ei meir omfattande evaluering av heile prosjektperioden. Då skal effektane av tiltaka målast gjennom ei ny talfesting av dei kvantitative indikatorane og det skal gjennomførast ein grundigare analyse av kva endringar tiltaka har ført til i den enkelte verksemda.

Det er analyseselskapet *ideas2evidence* som gjennomfører evalueringa på oppdrag frå FAD. Dei samlar inn dataa gjennom eigne undersøkingar, men byggjer også på dei større eller mindre evalueringane som fleire statlege verksemder sjølv har eller skal gjennomføre. Til hjelp for verksemdene har *ideas2evidence* utvikla eit metodehefte som er ei samling verktøy som kan brukast til dette føremålet.

Resultata frå undervegsevalueringa, jf. rapporten *Evaluering av prosjektet "Klart språk i staten"*, Ideas2evidence rapport 10/2011, tyder på at prosjektet har treft godt med tiltaka sine. Det sentrale klarspråksprosjektet har vore den viktigaste drivkrafta for å starte opp klarspråksprosjekt, også for verksemder som ikkje har motteke økonomisk støtte. Av tiltak som verksemdene har sett i gang, blir kartlegging av tekstar og opplæringstiltak sedde på som viktigast for å oppnå gode resultat. Eksterne ekspertar er ei viktig støtte for dei lokale klarspråksprosjekta.

**Evaluering av innbyggjarundersøkinga**

Evalueringa er ferdigstilt og oppsummert i Difi-notat 2011:4. Eit overordna mål med evalueringa var å få kunnskap om styrkar og veikskapar ved undersøkinga og å få fram framlegg til forbetringar/endringar.

Metoden baserer seg på kvalitative intervju med dei departementa og direktorat/etatar som har eit direkte og/eller fagleg ansvar for tenester eller tematikk i innbyggjarundersøkinga (til saman 21 intervju).

Dei fleste meiner undersøkinga er nyttig, at ho gjev eit oversiktsbilete og utfyller eller komplementerer resultat frå eigne undersøkingar. Dei fleste peikar også på at det er viktig at undersøkinga held fram og at tidsseriar vil auke nytta endå meir.

Dei fleste meiner også spørjeskjemaa er gode, har eit enkelt og klart språk, men det er mange attendemeldingar som i sum peikar på at det er rom for forbetring.

Formidling og analyse i rapporten blir i hovudsak opplevd som god. Samstundes blir det etterspurt vidare kategorisering ut frå typar av verksemder/tenester i analysen. Fleire ynskjer seg også ein noko meir djuptgåande analyse.

Fleire forventa at undersøkinga skulle få meir merksemd i media og at det på sikt er ynskjeleg med meir merksemd rundt resultat og funn. Merksemd er viktig for omdømmet, bruken og støtta til undersøkinga.

Det er få synspunkt på sjølve metoden for gjennomføring av undersøkinga. Dei få som uttaler seg stør dagens modell som består av utsending per post av papirskjema med høve til å svare på nett. Svarprosenten blir omtalt som god for denne typen spørjeundersøkingar. Fråfallet i innbyggjarundersøkinga liknar fråfall i tilsvarande undersøkingar, samstundes er eit innspel at fråfall blir analysert meir.

**Evaluering av Prosjektvegvisaren**
Prosjektvegvisaren skal medverke til å *"... styrke ledelse, planlegging og kvalitet av offentlige IKT-prosjekter og bidra til økt metodisk og organisatorisk samordning på tvers av sektorer og forvaltningsnivåer.*
Prosjektvegvisaren vart i 2011 evaluert etter 1,5 år i drift. Dette er kort tid, sett i lys av at måla er overordna og fyrst vil kunne gje effekt på leiing, planlegging og kvalitet på lengre sikt. Satsinga har likevel gjeve nokre konkrete resultatmål som:

- nettstaden Prosjektveiviseren.no
- eit samarbeidsrom knytt til nettstaden
- fleire fysiske møteplassar
- eit nettverk for interesserte verksemder

Å medverke til betre styring av prosjekt gjennom etablering av Prosjektvegvisaren har openbert møtt eit behov i offentleg sektor. Sjølv om dagens Prosjektvegvisar etter 1,5 år i varierande grad er teken i bruk, har han sett eit viktig tema på agendaen. Prosjektvegvisaren representer starten på ei satsing. I det vidare arbeidet er det no behov for ei tydeleggjering og spissing av denne satsinga for i større grad å innrette mot ynskt effekt.

**Evaluering av Anskaffelser.no**
Difi sluttførte tidleg i 2011 ei brukarundersøking for portalen Anskaffelser.no. Føremålet var å undersøkje korleis portalen fungerte som formidlingskanal til brukarane i tillegg til å innhente råd for vidareutvikling av funksjonalitet og

innhald. Invitasjon til å delta vart send til 3515 mottakarar på e-post. Det vart motteke 1355 svar (svarprosent: 39 %).

Hovudresultatet viser at Anskaffelser.no fungerer godt som kunnskaps- og verktøylager for brukarar som har offentlege anskaffingar som operativt ansvarsområde. Verksemdsleiarar og personar som ikkje arbeider med offentlege anskaffingar i praksis, finn i mindre grad fram til informasjonen dei treng.

Anskaffelser.no blir oppfatta meir som nyttig og informativ og mindre som banebrytande, brukarvenleg og oversiktleg.

Dei tydelegaste ynska for vidareutvikling av tilbodet dreier seg om behov for rettleiingsmateriell og praksisdøme. I tillegg etterspør ein betre søkjemoglegheiter og forbetra navigasjon.

### 3.2.2 IKT-tryggleik

Difi er i ferd med å innføre eit styringssystem for informasjonstryggleik, og ein oppdatert informasjonstryggingspolicy er forankra i leiinga og kommunisert til alle tilsette i direktoratet og relevante samarbeidspartnarar.

